



KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK
2020-2030
AREALDEL

KONSEKVENsutGREIING



Foto: Ø. Pedersen

Versjon 21.04.2020

Innhald

1. Innleiing.	4
1.1 Metode.....	4
1.2 Tema som er vurdert i KU og kunnskapsgrunnlag for vurderinga:.....	6
2. Konsekvensutgreiing av tiltak i planen	7
2.1 BB01: Blåbærmyre - utbyggingsareal for bustadar ved gamle Bismo reinseanlegg... 7	
2.2 BB02: Hulderhaugen - utbyggingsareal for bustader i Bismo.	9
2.3 BBF01: Skjåkmorkje - utbyggingsareal for bustadar og fritidsbustadar.	12
2.4 BF01 og BF02: Utbyggingsareal for fritidsbustader Måsåbakkan.....	15
2.5 BF03: Utbyggingsareal for fritidsbustader Grotli	18
2.6 BN01: Utbyggingsareal Lund næringsområde (ligg inne i KP frå 2011).....	21
2.7 BN02: Aust for Lundahaugan - næringsområde.....	24
2.8 BN03 og BN04: Dønfoss (oppfor Øyberget kraftstasjon) - næringsområde.....	27
2.9 BN05: Nystugu – næringsområde.	31
2.10 BN06 og BN07: Tundramoen - næringsområde.....	34
2.11 BN08: Sør for Lundahaugan - næringsområde.....	37
2.12 BRU01 og BRU02 Massetak i Skjôle.....	40
2.13 BRU03 og BRU04 Massetak i Ottaelva – ved Gamle Vollungsbrui og Storøya. .	43
2.14 BRU05, BRU06 og BRU07: Tundre/Ostre – Massetak og massedeponi.....	46
2.15 BRU08: Steinbrot Heggeruste	49
2.16 BAS01: Flaumsikringsanlegg ved Bismo	51
2.17 BAS02: Skredvoll oppfor Hulderhaugen.....	53
2.17 KBA01: Marlo skule - kombinert byggeformål bustad/kontor/forretning	55
2.18 GSV1: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Vollungsbrui til Brukrokan (0,7 km) ...	58
2.19 GSV2: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Brukrokan til Marlosgeilen (3,0 km) ...	60
2.20 GSV3: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Marlosgeilen til Lom grense (5,2 km) .	62
2.21 GSV4: Gang-/sykkelveg langs FV2646 frå Vollungsbrui mot Aurmoen (0,6 km)	64
2.22 GSV5: Gang-/sykkelveg langs Brukrokan (0,2 km).....	66
2.23 GSV6: Gang-/sykkelveg langs FV2650 Skamsarbrui - Bokkoden bru (2,5 km)	68
2.24 GSV7: Gang-/sykkelveg langs FV2650 ved Dønfoss camping (0,5 km).....	70
2.25 GSV8: Gang-/sykkelveg langs FV2648 frå Skamsarbrue (0,2 km)	72
2.26 Veg1: Tilkomstveg til næringsområde aust for Lundahaugan (0,2 km).....	74
3. Arealrekneskap.	76
3.1 Framtidige utbyggingsområde for nye bustadar – arealrekneskap.....	76
3.2 Framtidige utbyggingsområde for bustadar/fritidsbustadar – arealrekneskap.	76
3.3 Framtidige utbyggingsområde for nye fritidsbustadar – arealrekneskap.	77
3.4 Framtidige utbyggingsområde for næringsformål – arealrekneskap.....	77
3.5 Framtidige område for råstoffutvinning – arealrekneskap.	77
3.6 Framtidige område for anna byggeformål – arealrekneskap.	77
3.7 Framtidig kombinert byggeomr. for bustad/kontor/forretning – arealrekneskap.....	78

3.8	Framtidige område for samferdselsformål – arealrekneskap.	78
4.	Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget.....	79
4.1	Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.	79
4.2	Jord og skogbruk.	83
4.3	Landskap.....	83
4.4	Geologiske og hydrologiske ressursar.....	85
4.5	Kulturminne og kulturmiljø.....	86
4.6	Forureining, energi og klima.	87
4.7	Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.	88
4.8	Teknisk infrastruktur.	88
4.9	Samfunnstryggleik.....	89
4.10	Trafikktryggleik.	89

1. Innleiing.

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle kommuneplanar med ramar for framtidig utbygging, ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiing (KU) skal vera ein del av planskildringa. KU skal skildre verknadane for einskilde område og den samla verknaden for miljø og samfunn ut frå kjent kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av denne. Utgreiinga skal vera relevant for å fatte ei avgjerd og skal vera tilpassa omfanget av tiltaket og konfliktgraden.

Nye område og område som er avsett til framtidig utbyggingsformål i gjeldande kommuneplan som ikkje er realisert ved regulering eller utbygging, er konsekvensutgreidd på nytt. Konsekvensane av nye og gamle område er vurdert i høve til følgjande tema, der det er 4 tema knytt til natur- og miljø og 6 tema knytt til samfunn.

Kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga er nasjonale databaser, lokale baser og anna kjent kunnskap om området.

I arbeidet er det mellom anna nytta ein analysemodell som ligg på kommunens web-innsynsløysing. Denne er kopla opp nasjonale baser og registre.


1.1 Metode

Metoden som er brukt i arbeidet med konsekvensutgreiing, tek utgangspunkt i Statens Vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalysar V712 og Miljødepartementet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar.

Kvart utgreiingsområde er skjematisk framstilt med kartutsnitt, kort informasjon om området, størrelse på området, forslagsstillar og bruk i dag. Vidare er det stilt opp relevante tema i tabell, fordelt på hovudtema miljø og samfunn. Kvart undertema er kommentert kort, det er gjeve ein verdi og eit omfang.


Verdi. Ein vurderer kor verdifullt eit område eller miljø er. Verdien er sett frå liten (*), middels (**), til stor (***)

Omfang. Ei vurdering av korleis eit område vert påverka/effekt av tiltaket. Omfanget er sett frå Stort positivt omfang (+++) via nøytralt (0) til Stort negativt omfang (---). Sjå figur nedanfor.



Figur: Vurderingane av «Omfang/effekt» av det enkelte tiltak på de ulike tema, er gjort med utgangspunkt i handboka og etter en glideskala som går frå stort negativt til stort positivt omfang.

Konsekvens. Kjem fram ved å helde saman temaet/området sin verdi og omfang/effekt av tiltaket ved bruk av det som i handboka er kalla «Konsekvensvifta» (sjå figur nedanfor). Med konsekvens menes fordelar og ulemper et definert tiltak vil medføre i forhold til 0-alternativet. 0-Alternativet er slik planområdet vil stå fram utan den planlagde utbygginga, dvs. vidareføring av dagens situasjon.



«Konsekvensvifta»: Konsekvens av eit tiltak, kjem fram ved å helde saman temaet/området sin verdi og effekt/omfang av tiltaket ved bruk av det som i handboka er kalla konsekvensvifta.

Ut frå vurderinga av konsekvensar for dei utvalte tema, er det gjort en samla vurdering av konsekvensar for tiltaket. Med bakgrunn i det og vurderinga av nytten av å gjennomføre tiltaket, er det for kvart tiltak gjeve ei tilråding om tiltaket bør være en del av planforslaget eller om det byggområdet/tiltaket som er foreslått bør tas ut av planforslaget pga. at konsekvensane er for store, eller at det er andre område som er vurdert som betre eigna for å oppfylle kommunens målsettingar for planperioden.

1.2 Tema som er vurdert i KU og kunnskapsgrunnlag for vurderinga:

Tema	Innhald (kva er vurdert)	Kunnskapsgrunnlag
Naturmiljø og naturmangfald	Naturmangfald og viltførekemstar, område verna etter naturvernlova. Vurderingar etter § 8-12 i naturmangfaldlova.	Naturbase (kartlegging av biologisk mangfald, INON, artskart). Verneområder. Viltkart. Lokalkunnskap.
Jord- og skogbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og skog.	Skog og landskap (AR5), kart over dyrka og dyrkbar jord. Lokalkunnskap. Nasjonal og regional jordvernstrategi.
Landskap	Tilpassing til kulturlandskap. Visuelt sårbart eller eksponert areal.	Nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskap. Lokalkunnskap.
Geologiske/hydrologiske ressursar	Mineralressursar og grunnvatn	NGU berggrunnskart, lausmassekart og mineralressursar. Nasjonal grunnvassdatabase (Granada).
Kulturminne og kulturmiljø	Freda eller verneverdige kulturminne eller miljø, eldre busetnader, gardstun.	Askeladden. SEFRAK. Lokale registreringar.
Forureining, energi og klima	Fortetting, forureining av grunn og støy.	Grunnforureiningsbasen til Miljødirektoratet. Støysoner langs veg (Statens vegvesen). Støysoner for skytebaneanlegg. Eksplosivanlegg og storulykkanlegg (DSB)
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Konsekvens for friluftsliv og nærmiljø og leikeområde.	Kart over turstignett i Skjåk. Barnetrakkregistreringar Bismo. Lokalkunnskap.
Sosial infrastruktur	Nærleik til barnehage, skule, helse- og sosialteneste, kulturtilbod og handels og servicetilbod.	Kartgrunnlag. Lokalkunnskap.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og avløp	Kartgrunnlag. VA-kart. Vegdatabase. Lokalkunnskap.
Samfunnstryggleik	Område som ligg utsett til med omsyn til naturfarar (skred og flaum). Faresoner langs store kraftlinjer (el.). Transport av farleg gods.	NVE Atlas (aktsemdskart og faresonekart). Planar frå NVE (Skjole, Ostre og Tundre). Faresonekartlegging utført for kommunen/private. Overordna ROS-analyse. Flybilette (ortofoto) frå flaumen i oktober 2018. Lokalkunnskap.
Trafikktryggleik	Vegklasse og vegstandard, avkøyring, fartsgrenser, gang- og sykkelveg.	Kartgrunnlag. Vegdatabase. Trafikksikkerheitsplan. Lokalkunnskap.
Attraktivitet og kvalitet	Kor godt arealet er eigna for føremålet (terrenghelling/tilkomst/kvalitet på byggegrunn. Sol, helling, utsyn.	Kartgrunnlag. Lokalkunnskap.

2. Konsekvensutgreiing av tiltak i planen

2.1 BB01: Blåbærmyre - utbyggingsareal for bustadar ved gamle Bismo reinseanlegg

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	31/40	
Dagens formål	Regulert som Spesialformål reinseanlegg	
Foreslått formål	Bustadformål	
Areal	2,5 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Bismo reinseanlegg vart lagt ned i 2016, og nytt anlegg er bygd utanfor Bismo. Det gamle reinseanlegget ligg midt i eit bustadområde. Da det er nok tilgjengeleg grøntareal i området ynskjer ein å avsette området til bustadformål. Det blir sett krav om utarbeiding/ revisjon av reguleringsplan før utbygging.</p>		
		<p>Utnytting - med føresetnad om høg utnytting: 4 bu-einingar (ein firemannsbustad eller to tomannsbustadar).</p>

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Ingen verdi.	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Ingen verdi.	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Kartlagt grusressursar/grunnvassressursar.	Ikkje aktuelt å utnytte grusressursen midt i sentrumsområdet.	Middels verdi (**) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen verdi.	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet er sentrumsnært med gangavstand til viktige funksjonar. Tilkopling til kommunalt VA-nett.	Positivt med fortetting på Bismo, jf. «Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging»	Middels verdi (**) Stort positivt omfang (+++) Stor positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Infrastruktur utbygd frå tidlegare.	Noko omfattande arbeid med å fjerne bygg og tekniske installasjonar knytt til det gamle reinseanlegget for å klargjere området for utbygging.	<i>Stor verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Delar av området er flaumutsett – jf. flaumsoneberekning for Ottaelva ved Bismo frå Norconsult 2019.	Det må gjennomførast flaumsikringstiltak for Bismo før tomta kan byggast ut.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Området er lokalisert trygt i forhold til trafikktryggleik.	Tilgang til godt gang- og sykkelvegnett.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg sentralt til i Bismo, og utbygginga vil styrke Bismo som tettstad.	Noko omfattande arbeid med å fjerne bygg og tekniske installasjonar knytt til det gamle reinseanlegget.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tabellen over viser at utlegging av utbyggingsareal for bustader på den gamle tomta for Bismo reinseanlegg er vurdert å ha *Stor positiv konsekvens* på punkta «Førureining, energi og klima», «Trafikktryggleik» og «Attraktivitet og kvalitet».

Arealet ligg i eit område som ligg utsett til for flaum frå Ottaelva, slik at det må gjennomførast flaumsikringstiltak for Bismo før tomta kan byggast ut. Dette gjev seg utslag i *Middels negativ konsekvens* på punktet «Samfunnstryggleik». Fare for flaum er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.1.

Det er også knytt kostnader med å fjerne bygg og tekniske installasjonar knytt til det gamle reinseanlegget for å klargjere området for utbygging.

Det bør takast høgde for å oppretthalde gangpassasje.

Konklusjon:

Kommuneplanen sin samfunnsdel har føringar for fortetting i Bismo for å spare ubygde areal og for å få tettstaden meir attraktiv.

Saksbehandlar tilrår at området BB01 blir lagt ut med arealbruksformål «Byggeområde for fritidsbustadar - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Det blir sett krav om utarbeiding/ revisjon av reguleringsplan før utbygging.

2.2 BB02: Hulderhaugen - utbyggingsareal for bustader i Bismo.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	32/78 og 29/1	
Dagens formål (gjeldande KP)	Utbyggingsareal for bustadar	
Føreslege formål	Utbyggingsareal for bustadar	
Areal	57,0 daa	
Dyrka mark	50,6 daa	
<p>Arealet var avsett til utbyggingsformål for bustadar første gong i kommuneplanen sin arealdel i 2006. Fylkeslandbruksstyret aksepterte da at kommunen la ut Huldrehaugen til bustadområde, men føreset ein høg utnyttingsgrad på areala, og at kommunen tek i bruk allereie regulert areal før dei i nokon vesentleg grad tek til på utbygging av Hulderhaugen. Arealet vart vidareført som utbyggingsområde for bustadar ved revisjon av kommuneplanen i 2011. Kommunen eig 37,1 daa av arealet.</p>		

Kartutsnitt frå utkast til kommuneplanforslag 2020.

Føresetnad om høg utnytting: 50 bueiningar (ulike typar fleirmannsbustadar i kombinasjon med einebustadar). Skredfaren, og mogleg sikring i forhold til denne, tilseier at ein ikkje kan oppføre bygnad med strengare sikringsklasse enn S2 (TEK).

Vurdering av konsekvens:

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/sårbare artar eller naturførekomstar.	Utbygging vil påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	I følge AR5 er 50,6 daa av arealet fulldyrka jord, 1,2 daa er gardstun og 6,4 da er skog av låg bonitet/ uproductiv skog.	Nedbygging av dyrka mark gjer at arealet vil miste sin verdi for landbruksproduksjon.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Svært stor negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg skjerma, inn mot lisida og er lite eksponert.	Landskapsbiletet vil endre seg, men det vil vere lite merkbart i eit område dominert av bustadbygnad/sentrumsbygnad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Kartlagt grusressursar/grunnvassressursar. Ingen grunnvassbrønner.	Ikkje aktuelt å utnytte grusressursen i eit sentrumsområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringer innan utbyggingsområdet.	Ingen verknad. To kolgropar utanfor utbyggingsområdet.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Sentrumsnært med gangavstand til viktige funksjoner	Positivt med fortetting i sentrum. Ikkje støytsett.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> <i>Stor positiv konsekvens</i>
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Utbyggingsområdet er for ein stor del dyrkamark og er ikkje særleg nytta som leikeområde eller friluftsområde.	Utbygging har ubetydeleg verknad for friluftsliv. Det sikra friområdet Hulderhaugen som ligg mellom området og RV15, ligg gunstig til for utbyggingsområdet for lek og opphald.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> <i>Ubetydeleg konsekvens</i>
Teknisk infrastruktur	Lett tilgang til eksisterande infrastruktur i Bismo	Rimeleg å byggje ut feltet med veg, vatn og avlaup, men ei utfordring med kryssing av RV15 med leidningar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> <i>Middels positiv konsekvens</i>
Samfunnstryggleik	Skredfarekartlegging utført av NGI i 1991, seier at arealet i øvre del av utbyggings-området er omfatta av reell fare for steinsprang (35,2 daa). Faresone for skred (H310_2) er ut frå denne teikna inn på plankartet. For areal som ligg i faresone H310_2 er det teke inn i planføresegnene til at det ikkje skal gjevast løyve oppføring av bygningar utan at det er dokumentert og gjennomført sikrings tiltak for å redusere skredfaren tilstrekkeleg, jf. TEK 17.	Området må sikrast med omsyn til fare for skred før utbygging ved at det vert bygd ein skredvoll eller etablert anna sikring som tilfredstillar krava i TEK 17. Overflatevatn både frå utbyggingsområdet og frå areal oppfor skredvollen, må bli teke hand om/leia trygt bort frå utbyggingsområdet. Utforming av sikringstiltak (skredvoll) og handtering av overvatnet må prosjekterast av fagkyndige.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> <i>Middels negativ konsekvens</i>
Trafikktryggleik	Området er lokalisert ganske trykt i forhold til trafikk-tryggleik, men RV15 må kryssast mot skule og sentrum.	Tilgang til godt gang- og sykkelvegnett. Godt tilrettelagte kryssingar av RV15.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> <i>Ubetydeleg konsekvens</i>
Attraktivitet og kvalitet	Ligg sentralt til i Bismo. Ganske solrikt og med utsikt.	Utbygginga vil styrke Bismo som tettstad.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++).</i> <i>Svært stor positiv konsekvens</i>

Samla vurdering:

Tabellen over viser at utlegging av bustadområde BB02 oppnår *Svært stor positiv konsekvens* for «Attraktivitet og kvalitet». Utbygging er vurdert til å ha *Stor positiv konsekvens* for «Forureining, energi og klima», og *Middels positiv konsekvens* på punktet «Teknisk infrastruktur». Men dersom legg omsyn til jordvern til grunn, er dette uttrykt med *Svært stor negativ konsekvens* på punktet «Jord og skogbruk». At utbygginga er planlagt i eit skredutsett, slår også negativt ut ved *Middels negativ konsekvens* på punktet «Samfunnstryggleik».

Arealet ligg sentralt til i Bismo, slik at det i forhold til transport, energibruk og klimaomsyn ligg godt til rette for utbygging av bustader. Men det er negativt å ta i bruk dyrka jord til utbygging. Nasjonal og regional jordvernstrategi tilseier at haldninga til å bygge ned dyrka jord skal vere svært streng. Arealet har ligge inne som utbyggingsareal for bustadar i kommuneplanens arealdel sidan 2006. Fylkeslandbruksstyret aksepterte da at kommunen la ut arealet til bustadområde under føresetnad om at det vert ein høg utnyttingsgrad på areala, og at kommunen tek i bruk allereie regulert areal før dei i nokon vesentleg grad tek til på utbygging av Huldrehaugen. Ved revisjon av kommuneplanen i 2011 vart arealet vidareført som utbyggingsområde for bustadar. Da terrenget har ein god del helling, reknar ein med at ein med høg utnytting kan få plass for om lag 50 bu-einingar ved bygging av ulike typar fleirmannsbustadar, evt. i kombinasjon med einebustadar for best mogeleg arealutnytting.

Området vart kartlagt med omsyn til skredfare i 1991, og NGI har konkludert med at det må byggjast skredvoll ovanfor feltet. Areal for bygging av skredvoll er avsett på plankartet. Ein har gode erfaringar med bygging av skredvollar oppfor bustadfeltet under Bispeberget lengre vest, og ein skredvoll vil også gjere det tryggare for eksisterande bygnad i området. Utbygging vil medføre utfordringar med overflatevatn nedstrøms feltet og skredvollen. Hellinga på terrenget tilseier at det vil vere vanskeleg å ta hand om alt overflatevatnet innan feltet, slik at det må byggjast ut leidningsnett av tilstrekkeleg kapasitet for å ta vare på dette. I tillegg må ein ta vare på/legge ut grøne flatar der vatnet kan infiltrere i grunnen. Skredfare og overvatn er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.2.


Det er små negative konsekvensar ved utbygging i forhold til naturmiljø, landskap, kulturminne- og kulturmiljø og friluftsliv. Arealet ligg litt tilbaketrekt og skjerma i forhold til RV15, og er samstundes sentrumsnært med gang- og sykkelavstand til skule, kulturtilbod, butikkar og servicefunksjonar. Det ligg derfor til godt til rette for at BB02 vil bli eit attraktivt buområde. Bortsett frå ein må rekna med ein etter forholde stor kostnad med bygging av skredvoll og handtering av overflatevatn, vil feltet vera rimelig å bygge ut med infrastruktur som veg, vatn og avlaup. Det ligg også til rette for at trafikktryggleiken vil bli godt ivareteke både med omsyn til utnytting av allereie utbygd gang- og sykkelvegnett og gode muligheter for vidare utbygging av dette.

Konklusjon:

Dersom ein ønskjer å vidareutvikle kommunesenteret på Bismo, finn ein ikkje anna sentrumsnært areal av noko storleik som kan innfri dei krav og forventningar som i dag blir sett når det gjeld klimaomsyn, miljø og energibruk. I si planlegging sidan 2006 har kommunen handla ut frå at området tidlegare er frigjeve og har ligge inne som utbyggingsområde i kommuneplanen. Dei forsterka signala som er kome frå sentralt hald når det gjeld jordvern, har gjort at ein på ny har gjort ei vurdering av området.

Etter ei samla vurdering tilrår ein å vidareføre dette området som utbyggingsareal for bustadar. Føresetnaden er som det er kravd, at det skal vere ein høg utnyttingsgrad på arealet, og at kommunen tek i bruk allereie regulert areal før dei i nokon vesentleg grad tek til på utbygging av BB01. Saksbehandlar tilrår at området blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Byggeområde for bustadar - Framtidig» i kommuneplanens arealdel.

2.3 BBF01: Skjåkmorkje - utbyggingsareal for bustadar og fritidsbustadar.

Forslagsstillar:	Grunneigar	
Gnr./bnr.	21/12	
Dagens formål KP	Byggeområde for fritids- bustadar	
Foreslått formål	Kombinert formål bustadar og fritidsbustadar	
Areal	59,0 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Området ligg i Skjåkmorkje nordvest for Bismo. Arealet er avsett som byggeområde for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan (2011), men er ikkje regulert/utbygd. Grunneigar ønskjer å endre arealbruken til kombinert formål for bygging av bustadar og fritidsbustadar. Det blir sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/sårbare artar eller særskilde naturførekomstar. Leveområde for hjortevilt.	Utbygging vil øydelegge området som viltbiotop.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Barskog av middels og låg bonitet. Utmarksbeite.	Utbygging vil gjere at området ikkje lenger kan nyttast for landbruksproduksjon.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Området ligg midt oppe i dalsida. Ingen spesielle landskapsverdiar i utbyggingsområdet. Ligg forholdsvis skjerma for innsyn inn mot lisida.	Landskapsbiletet vil endre seg, men det vil vere lite synbart og ha små skadeverknadar,	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Ikkje kartlagt grusressursar eller grunnvassressursar.	Ingen verknadar	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringer i utbyggingsområdet.	Truleg ingen verknad	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Arealet ligg om lag 2,5 km frå sentrum. Det er ikkje ført fram kommunalt VA-nett til dette området i kommunen. Om ikkje offentleg leidningsnett blir før fram	Ligg noko langt frå sentrum, jf. «Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging». Kostbart å føre fram offentleg leidningsnett og å bygge ut .	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Truleg lite brukt.	Ingen verknadar.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje ført fram kommunalt VA-nett til denne sida av Ottaelva. Tilkomsvegen opp i området må utbetrast, og er i brattaste laget (jamt over 11 % stigning).	Kostbart å føre fram offentleg leidningsnett til området. Tilkomsvegen er i brattaste laget og må utbetrast. Det er ikkje gang og sykkelveg langs Lundavegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunnstryggleik	Det er gjort skredkartlegging av NGI i 2016. Den viser at berre ein liten del i søre del av byggeområdet i KP frå 2011 er skredutsett. Denne delen er teke ut av utbyggingsområdet. Ikkje flaumutsett, men overvatn kan vere ei utfordring.	Området tilfredstillar krava til sikker byggegrunn i tiltaksklasse S2 (m.a.bygging av mindre småhusbyggnad). Det må lagast ein plan for handtering av overvatn.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Stor positiv konsekvens
Trafikktryggleik	Det er ikkje gang og sykkelveg (GSV) langs Lundavegen (FV2648). I planen er det lagt inn forslag om forlenging av GSV frå Skamsarbrue og 0,2 km austover langs Lundavegen.	Utbygging vil medføre auka trafikkfare. Vidare forlenging av GSV fram mot avkøyring frå fylkesvegen, vil krevje bygging av ytterlegare 0,5 km med GSV. Det er ikkje ein del av planforslaget.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg i avstand om lag 2,5 km frå sentrumsfunksjonar, slik at mange vil meine det for er langt å gå og sykle. Ganske skrå tomter og bratt tilkomstveg. Ikkje kommunal VA. Middels solforhold.	Utfordrande og truleg forholdsvis kostbart å bygge ut infrastruktur (VVA). Avstanden til sentrumsområdet er ikkje så lang, men likevel noko usikkert kor attraktivt det vil vere å bygge bustad/hytte i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens

Samla vurdering:

Arealet har ligge inne i kommuneplanen i nærare 10 år utan at regulering eller utbygging har starta. Etablering av eit bustadfelt evt. kombinert med tomter for fritidsbustadar i dette området, er krevjande både med omsyn til tilrettelegging av infrastruktur som veg, vatn- og avlaup og kor attraktivt tomter her vil vere i marknaden. Når det gjeld bustadar er avstanden til sentrumsområdet på Bismo såpass langt, at det er på grensa til å kunne kallast sentrumsnært. Det er derfor usikkert om utbygging her i nokon grad kan fylle behovet for bustadtomter i Bismo. For utbygging for fritidsbustadar er ikkje lokaliseringa optimal, og det visar seg at det er få som ønskjer hyttetomt i regulerte felt ned i bygda, jf. hyttefeltet i Aurmoen der det er mange ledige tomter.

Truleg kan det vere plass for rundt 20 tomter i område BBF01, men utan at feltet blir knytt til offentleg vatn- og avlaupsnett, kan ein ikkje ha slik storleik på utbygginga. Om feltet skal byggast ut i privat regi, vil det vere eit stort økonomisk løft for grunneigar/utbyggjar å knyte feltet til offentleg vatn og avlaupsnett, og tomtene vil bli dyre. Med utbygging av lokale reinseføysingar er det realistisk at talet på tomter må bli redusert til det halve – litt avhengig av fordelinga mellom bustadar og fritidsbustadar.

Med årsak i desse forholda er utbygging her ikkje vurdert til høgare score på «Attraktivitet og kvalitet» enn *Liten positiv konsekvens*.

Ein ser det som lite tenleg at kommunen overtek og bygger ut dette feltet. Feltet er ikkje eigentleg sentrumsnært, og kommunen har mange ledige bustadtomter og tomter for fritidsbustadar i regulerte felt tilknytt offentleg vatn og avlaup i Aurmoen, som det ikkje har vore lett å få selt.

I kommuneplanen sin samfunnsdel for Skjåk står det mellom anna:

- Kommunen skal leggje til rette for spreidd busetting der det ikkje kjem i konflikt med andre interesser, miljø og klimakrav.
- Kommunen skal ha tilbod om større tomter utafor sentrum for dei som ønskjer det.

Utbygging av feltet i Skjåkmorkje kan eventuelt vere eit eigna felt å byggje ut i ein slik samanheng.


Forhold kring trafiksikkerheit og overvatn for område BBF01, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.3.

Konklusjon:

Ei kombinert utbygging av bustadar og fritidsbustadar i Skjåkmorkje (BBF01), er vurdert til å ha små negative konsekvensar.

Saksbehandlar tilrår at området BBF01 vidareførast frå kommuneplanens arealdel frå 2011, men med nytt arealbruksformål «Kombinert byggeområde for bustadar og fritidsbustadar - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Det blir sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

2.4 BF01 og BF02: Utbyggingsareal for fritidsbustader Måsåbakkan

Forslagsstillar:	Skjåk almenning	
Gnr./bnr.	246/1	
Dagens formål	LNF	
Foreslått formål	Utbyggingsareal fritidshus	
Areal	773 daa (BF01:407 daa, BF02: 366 daa)	
Dyrka mark	0	
<p>Måsågrove delar området i to. BF01 ligg aust for grove og BF02 vest for grove. Skjåk almenning ynskjer å starte ein prosess for å leggje til rette for fritidsbustader i området. Eit hyttefelt var planlagt i 1979, men vart stoppa grunna beiteinteressene.</p> <p>I fall utbygging, må det bli knytt utbyggingsrekkefølge til feltet, slik at Billingen hyttegrend byggjast ut før bygging i F01 og BF02 blir starta opp.</p> <p>Terrenget er kupert og hellande, og praktisk utnyttingsgrad i nærliggjande hytteområde med tilsvarende terrengforhold tilseier ei utbyggingsvolum på om lag 100 fritidsbustadar samla for BF01 og BF02.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Utbyggingsarealet er ikkje registrert som verdifull naturtype eller har registreringar av truga eller sårbare artar. Øvre grense for utbyggingsområdet ligg 150-200 m nedfor grensa som er trekt for leveområde for villrein. Det planlagde utbyggingsområdet er ein god viltbiotop i, især for hjortevilt i sommarhalvåret. Området på motsett side av Ottaelva, er verna som naturreservat.	Regulering til hytteområde vil truleg ha negativ påverknad på naturverdiar og biologisk mangfald. Utfart frå hyttefeltet kan påverke leveområdet for villrein. Ved evt. utbygging bør etablerast stig- og løypenett ut frå området som leiar brukarane utanom leveområde for villrein.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Verdi som beiteområde for husdyr. Området er registrert med verneskog.	Furuskog (vernskog) er føresett teke vare på. Kan vere i konflikt med beiteinteressene.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Landskap	Utbyggingsarealet ligg utanom seterområdet i eit landskap med store landskapsverdiar.	Landskapet vil endre seg ved utbygging. Endringane ligg eksponert sett frå RV. 15 og frå områda ikring.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Nedre del nær Stuttgongen er registrert med grusressursar. Avgrensa grunnvasspotensiale.	Lite truleg at det kan bli gjeve løyve til å utnytte grusressursen i noko særleg omfang med lokaliseringa den har, både med omsyn til landskap og miljø.	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringer i utbyggingsområdet.	Truleg ingen verknad	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg i satsingsområdet for hyttebygging (Billingen-Grotli). Ein føreset at avlaupsvatn blir teke hand om for å unngå forureining. Kart frå NGU viser høg aktsemd for radon på delar av arealet. Areala nærast RV15 ligg i gul sone for vegtrafikkstøy.	Positivt med konsentrasjon av hyttebygginga da det vil vere enklare å legge til rette for reinsing av avlaupsvatn og utbygging av anna infrastruktur. TEK føreset bygging med radonsperre.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (++)</i> Liten positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Ein turstig går i vestkant av feltet	Liten verknad	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Ingen utbygd infrastruktur i området.	Veg, vassverk og avløpsnett med reinseanlegg må byggjast ut. Det bør utarbeidast ein overordna VA-plan for Nysæterområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Samfunns-tryggleik	Ligg utanfor aktsemdsområda for skred og ras. Flaumfare langs Mosegrove og langs bekkar i området	Faresone for flaum langs Mosegrove. Ved regulering må det gjerast vurdering av flaumfaren og settast av faresoner langs bekkane i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikk-tryggleik	Tilgang til internt vegnett mot Nysætra, og vegtilkomst blir lagt frå der.	Trafikken er skilt frå RV15, slik at risikoen for ulykker i liten grad aukar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg soleksponert og lunt til. Utsiktstomter. Tomtene er truleg svært attraktive.	Dels bratt byggegrunn.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tabellen over viser at utlegging av utbyggingsområde for fritidsbustadar i Måsåbakkan er vurdert å ha *Stor positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». På grunn av at utbygginga ligg i eit område som alt har ein del hyttebygging frå før og dels er tilrettelagt med teknisk infrastruktur, er tiltaket vurdert til å ha *Middels positiv konsekvens* for «Teknisk infrastruktur» og *Liten positiv konsekvens* på punktet «Forureining, energi og klima».

Dei mest negative konsekvensane er knytt til tema «Naturmiljø og naturmangfald», «Jord og skogbruk» og «Landskap», der ei utbygging er vurdert til å ha *Middels negativ konsekvens*.

Området Billingen-Grotli er satsingsområde for hyttebygging i Skjåk. Her er det alt på plass noko infrastruktur som stig- og løypenett, skianlegg, hotell m.v. Kommunen har hatt ein bevisst politikk og dermed unngått storstilt hyttebygging i andre område.

Utbyggingsområda som er føreslege i Måsåbakkan er rekna med å bli svært attraktivt da det er særvendt, ligg lunt til og lett tilgjengeleg.

Ei utbygging vil kunne kome i konflikt med beitebruken i området. Arealet vil også miste sin verdi som beiteområde for hjortevilt.

Ved utbygging bør det etablerast eit stig- og løypenett ut frå området som leiar brukarane utanom leveområde for villrein.

Området er stort (733 daa). Det er kupert og hellande terreng som er noko krevjande å bygge ut. Praktisk utnyttingsgrad i nærliggjande hytteområde med tilsvarende terrengforhold tilseier ei utbyggingsvolum på om lag 100 fritidsbustadar samla for BF01 og BF02. Eit mindre og meir konsentrert hyttefelt vil vere mindre arealkrevjande, vere eit mindre landskapsinngrep og legge beslag på mindre natur. Å konsentrere utbygginga nærare Stuttgongen vil også vera meir energi- og kostnadseffektivt og medføre utbygging av infrastruktur over eit mindre areal. Saksbehandlar meiner det i første omgang vil vere hensiktsmessig å konsentrere utbygginga nærast Stuttgongen, anten ved at område BF02 vert teke ut av planforslaget, eller ved at det setjast ei utbyggingsrekkefølge som slår fast at BF01 skal byggast ut først.

Forhold kring flaumfare for BF01 og BF02 og vegtrafikkstøy for område BF02, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.4.

Konklusjon:

Turisme og utbygging av fritidsbustadar er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BF01 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Byggeområde for fritidsbustadar - Framtidig» i kommuneplanens arealdel, medan område BF02 ikkje blir teke med i denne omgangen.

2.5 BF03: Utbyggingsareal for fritidsbustader Grotli

Forslagsstillar:	Grotli utvikling	
Gnr./bnr.	246/1 og 42	
Dagens formål	Friluftsområde i reg. plan	
Foreslått formål	Utbyggingsareal fritidshus	
Areal	90 daa	
Dyrka mark	0	
Grotli Utvikling ønskjer å legge ut hyttetomter i tilknytning til alpinanlegget.		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Utbyggingsarealet er ikkje registrert som verdifull naturtype eller har registreringar av truga eller sårbare artar. Øvre grense for utbyggingsområdet ligg 40-200 m nedfor grensa som er trekt for leveområde for villrein. Arealet er ein god rypebiotop. Sporadisk opphald av elg og hjort.	Villreinområdet blir ikkje direkte råka av utbygginga, men utfart frå hyttefeltet kan verka negativt. Dersom det blir utbygging, bør det etablerast stig- og løypenett frå området som leiar brukarane utanom leveområde for villrein.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Ikkje registrert dyrkbar jord. Arealet er lite brukt som beite. Skog uprod.	Utbygging er ikkje vurdert til å ha nokon verknad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Utbyggingsarealet ligg i eit landskap med store landskapsverdiar.	Utbygginga vil medføre landskapsendringar som dels vil vere eksponert frå områda omkring. Endringane vil vere synleg frå RV15 frå aust, men ligg skjerma att når ein nærmar seg Grotli.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Ikkje registrert geologiske ressursar. Avgrensa grunnvasspotensiale.	Ingen verknadar.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringer i utbyggingsområdet.	Truleg ingen verknad.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Arealet ligg i satsingsområdet til kommunen for hyttebygging (Billingen-Grotli). I nærliggande område er det VA-nett, men eksisterande reinseanlegg har avgrensa kapasitet. Ein føreset at avlaupsvatn blir teke hand om for å unngå forureining. Kart frå NGU viser høg aktsemd for radon.	Positivt med fortetting i området, da det vil vere enklare og rimelegare å legge til rette for reinsing av avløpsvatn og utbygging av anna infrastruktur. TEK føreset bygging med radonsperre.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Arealet er regulert som friluftsområde i reguleringsplan. Arealet blir nytta som nedfartsområde for skianlegget. Arealet blir lite nytta om summaren. Stignett opp mot fjellet går lenger vest.	Utbygginga legg beslag på areal som er sett på som viktig for utøving av friluftsliv, og kan ha negative verknadar for utøving av friluftsliv og for barn og unge sine interesser.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Grotliområdet er utbygd med vassverk og reinseanlegg. Arealet har tilknytning til vegnett i eksisterande hyttefelt.	Ny infrastruktur må byggast ut, men det er positivt med lokalisering inntil utbygde områder, da det vil gjere det enklare å legge til rette for reinsing av avløpsvatn og anna infrastruktur.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Arealet ligg utanfor aktsemdsområda for skred m.v. På plankartet er det teikna faresone flaum langs bekken som avgrensar området mot nordaust. Det kan vere flaumfare langs mindre bekkar.	Ved regulering må flaumfaren vurderast nærare av fagkyndige og det må evt. settast av faresoner langs bekkane inne i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Tilgang til internt vegnett i Grotlifeltet.	Trafikken er skilt frå RV15, slik at risikoen for ulykker i liten grad aukar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Ligg solvent. Utsiktstomter. Tomtene er truleg svært attraktive.	Dels bratt byggegrunn.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tabellen over viser at utlegging av nytt utbyggingsområde for fritidsbustadar på Grotli er vurdert å ha *Stor positiv konsekvens* på punktet «Attraktivitet og kvalitet». På grunn av at utbygginga ligg i eit område som alt har mykje utbygging frå før og er tilrettelagt med teknisk infrastruktur, er tiltaket vurdert til å ha *Middels positiv konsekvens* for «Teknisk infrastruktur» og *Liten positiv konsekvens* på punktet «Forureining, energi og klima».

Dei mest negative konsekvensane er knytt til tema «Naturmiljø og naturmangfald», «Landskap» og «Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge», der ei utbygging er vurdert til å ha *Middels negativ konsekvens*.

Området Billingen-Grotli er satsingsområde for hyttebygging i Skjåk. Her er det alt på plass infrastruktur som stig- og løypenett, skianlegg, hotell m.v. Kommunen har hatt ein bevisst politikk og dermed unngått storstilt hyttebygging i andre område. Grotli er rekna for å vera attraktivt, serleg frå vest.

I gjeldande reguleringsplan, er det sett ei grense for 75 hytter/bueiningar og 203 senger på hotellet. Denne grensa vart sett av fylkesmannen i Oppland ut frå omsyn til villrein. Ved utbygging bør det etablerast eit stig- og løypenett ut frå området som leiar brukarane utanom leveområde for villrein.

Området er ca. 90 daa stort. Det er hellande terreng som er noko krevjande å bygge ut. Praktisk utnyttingsgrad i nærliggjande hytteområde med tilsvarande terrengforhold tilseier ei utbyggingsvolum på om lag 25-30 fritidsbustadar.

Forhold kring flaumfare for område BF03, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.5.

Konklusjon:

Turisme og utbygging av fritidsbustadar er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BF03 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Byggeområde for fritidsbustadar - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Det er ein føresetnad at det blir knytt utbyggings-rekkefølge til feltet. Tomter i reguleringsplan for «Grotli fritidsboligområde» bør vera utbygde før nye areal blir teke i bruk.

2.6 BN01: Utbyggingsareal Lund næringsområde (ligg inne i KP frå 2011)

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	25/59	
Dagens formål (gjeldande KP)	Utbyggingsareal for næring	
Foreslått formål	Utbyggingsareal for næring	
Areal	143,0 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Arealet er avsett til utbyggingsareal for næring i gjeldande kommuneplan frå 2011. 143,0 daa som i dag er skogsmark er vurdert som utbyggingsområde for næring. I tillegg er om lag 7,4 daa som er nytta som massedeponi i samband uttak av masse frå Skjøle ved flaumepisodar vurdert utlagt som ei del av næringsområdet (komb. næringsverksemd/ masselager).</p>		

Vurdering av konsekvens:

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/ sårbare artar eller naturforekomstar.	Regulering til næring vil truleg påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Vassveger går over arealet. Om lag 28 daa aust for vassveg er registrert som dyrkbar jord.	Tap av dyrkbar jord. Vassveger blir liggjande inne i det planlagde næringsområdet. Viktig at desse oppretthaldast for jordbruksvatning for gardane i området.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg skjerma og er lite eksponert i landskapet nede i dalføret. Frå nært inntil og oppe i høgda vil næringsområdet likevel bli godt synleg. Det er planlagt å ha att ei «grøn» sone på 50 m mot Skjøle (nytt far etter flaumen 2018).	Etablering av næringsområde vil vere eit merkbart nytt element i eit landskap dominert av jordbruk, skog og spreidde bustadar. For den næraste bygnaden vil landskapsendringane bli særleg tydelege.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Det er kartlagt grusressursar og grunnvassressursar i utbyggingsområdet (NGU). Ingen grunnvassbrønner er registrert på arealet (Granada).	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursar, men slik utnytting er mindre sannsynleg pga. vassvegar, freda kulturminne og kartlegginga av dyrkbar jord.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Ei kolgrop frå middelalder (kanskje også brukt som fangstgrop) er registrert i området. To eldre vassveger, går gjennom området. Desse vart betydeleg rasert av flaumen i 2018.	Arealet kring den automatisk freda kolgropa/fangstgropa haldast utafør utbyggingsarealet. Ved ei utbygging, må ein søke å oppretthalde vassvegane gjennom næringsområdet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 6 km frå Bismo.	Etablering av arbeidsplasser 6 km frå kommunesenteret, vil medføre auka transport. Støy kan bli ei problemstilling m.o.t. at delar området kjem nære eksisterande bustadbygning og gardar. Krav om støyanalyse ved etablering av støyande verksemd.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Middels negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ikkje gang- og sykkelveg langs FV2648 eller langs Lundadalsvegen. Området er ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde, men ein turstig går over arealet.	Liten verknad for friluftsliv. Turstig kan flyttast nærare Skjôle. Det er planlagt å vere att ei «grøn» sone på 50 m mot Skjôle (nytt utvida far).	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Ingen infrastruktur i dag. Svært lang avstand til offentleg vatn- og avlaupsnett. Om lag 1,8 km til nye Bismo reinseanlegg etter mogeleg trase, som også vil medføre mange kloakkpumpestasjonar.	Ei løysing med reinsing av avlaupsvatn må bli etablert, anten ved at området vert knytt til offentleg VA-nett, eller ved utbygging av eige reinseanlegg (evt. mest aktuelt med jordreinsing).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort negativt omfang</i> <i>(---)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Ved flaumen hausten 2018, vart inntaket til vassvegane ved Skjôle rasert, og store vassmengder, stein og lausmasse kom inn langs dei gamle vassvegane. Faresone flaum er vist på plankartet. Aktsemdsområde for snøskred er vist så vidt inn utbyggings-området, men ein ser det som svært lite sannsynleg at eit skred kan nå over elva og nå så langt.	Det er planlagt å liggje att ei «grøn» sone på 50 m mot Skjôle (nytt far etter kanalisering etter flaumen i 2018). Areal langs vassvegane er vist som faresone for flaum på plankartet. Vassveger må oppretthaldast gjennom nærings- området som opne kanalar, da det truleg vil vere forbunde med fare å leggje dei i røyr. Desse må da sikrast slik at dei ikkje utgjør nokon flaumfare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang</i> <i>(--)</i> Middels negativ konsekvens

Trafikk-tryggleik	På strekninga frå Bismo er det gang- og sykkel-veg (GSV) langs RV15, men ikkje langs FV2648 eller Lundadalsvegen. Det ligg til rette for utvida bruk av eksisterande avkjørsel til Lundadalsvegen.	Utbygging vil medføre auka trafikk langs FV2648 og Lundadalsvegen, men lite busetnad. Det er lite realistisk at utbygging av GSV langs desse vegane vil bli prioritert. Auka trafikk medfører auka risiko for ulykker.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Store og areal som er eigna for produksjons-bedrifter/verkstad/lager.	Relativt lang avstand frå sentrumsområdet. Kostbart å bygge ut vatn- og avlaups-løysing. Øvste del av området ligg nær busetnad. Arealet er stykka opp av vatningsvegar, som også utgjer flaumfare.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

På «Attraktivitet og kvalitet» er ei utbygging av området vurdert til å ha *Middels positiv konsekvens*. Det som trekk ned på det punktet, er at arealet ligg relativt langt frå sentrum, og at dette vil medføre auka transport, at det er kostbart å bygge ut vatn- og avlaupsløysing og at arealet er stykka opp av vatningsvegar gjennom området. Det som talar for utbygging, er at området er stort, har god byggegrunn, og at det så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo. For dei andre tema er ei utbygging vurdert til å ha liten eller middels negativ konsekvens. Dei mest negative sidene viser seg kanskje klarare no etter flaumen hausten 2018, enn ved sist rullering av planen, ved at det vil vere betydeleg meir kostbart å sikre området mot flaum, i alle fall om ein ønskjer å oppretthalde vassvegane som går gjennom området - og som er viktige for jordbruket i området. Det forhold at den minst flaumutsette delen av arealet er kartlagt som dyrkbart, trekk også ned.

Forhold kring flaumfare, skred, trafikksikkerheit og støy for område BN01, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.6.

Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BN01 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig» - og dermed blir vidareført frå kommuneplanens arealdel frå 2011.

Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for BN01.

2.7 BN02: Aust for Lundahaugan - næringsområde

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	61/25, 51/3 og 42/10	
Dagens formål (gjeldande KP)	LNF	
Foreslått formål	Kombinert formål næring og masselagring	
Areal	33,9 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Arealet er eit av områda som i etter flaumen i 2018 vart nytta for masselagring ved uttak av masse frå Skjøle. Området er i dag som ei stor plan flate, masselagringa er avslutta, og det er lagt på jordmasser/ vegetasjonsmasse for re-etablering av skog. Forslaget er å nytte dette arealet for industri.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området er nytta til masselagring. Ingen registreringer i området av truga/ sårbare artar eller naturførekomstar.	Arealbruk for næringsformål vil ikkje påvirke naturverdiar og biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Området er ei stor snau flate med pålagt humusdekke for reetablering av skog. Tidlegare skog av låg bonitet.	Planen er å etablere skog på området, men området slik det ligg nå har liten produksjonsverdi.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang(0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Arealet ligg forholdsvis lite eksponert i landskapet nede i dalføret. Frå oppe i høgda vil næringsområdet i nokon grad vere eksponert. Området ligg nær Skjøle, men det er planlagt ei sone på 20 m mot nytt far etter flaumen 2018 og bygd flaumforbygging.	Etablering av næringsområde vil vere eit merkbart nytt element i eit landskap elles dominert av landbruk og spreidde bustadar. Den næraste nabo er ein ridebane. BN02 ligg lågare enn ridebanen, slik at det i mindre grad er eksponert frå denne.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Det er kartlagt grusressursar og grunnvassressursar i utbyggingsområdet (NGU). Ingen grunnvassbrønner er registrert (Granada).	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursar, men slik utnytting lite sannsynleg pga. at det vil medføre auka flaumfare.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det var ikkje registrert kulturminne i området før flaumen i 2018, og etter det er det oppfylt med stein (masselager).	Tiltaket har ingen verknader med omsyn til kulturminnevern.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 6 km frå Bismo. I forhold til at da området ligg ganske skjerna og langt unna eksisterande bustadbygning og gardar, vil støy neppe vera eit problem.	Etablering av arbeidsplasser 6 km frå kommunesenteret, vil medføre auka transport.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Noko ferdsel langs elva.	Liten verknad for friluftsliv. Turstig langs Skjôle, kan evt. lokaliserast i sona på 20 m mot Skjôle eller langs bygd flaumforbygging.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Veg til området frå Fv2648 må utbetrast og leggast om ved grendahuset. Lang avstand til offentleg vatn og avlaup, men grei leidningstrase.	Må bygge ut veg og knyte området mot offentleg VA. Om lag 1,3 km til nye Bismo reinseanlegg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Etter flaumen hausten 2018, er området oppfylt og heva (masselagring). Arealet for elva er utvida og breidda er plastra og forbygd.	Etter dei tiltaka som er gjort etter flaumen hausten 2018 og oppfylling til eit høgare nivå, er ikkje området flaumutsett.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikk-tryggleik	På strekninga frå Bismo er det gang- og sykkelveg (GSV) langs RV 15 til Vollungsbrua, men ikkje over riksvegbrua og til FV2648, og ikkje langs FV2648.	Auka trafikk medfører auka risiko for ulykker. Det er lite realistisk at utbygging av GSV langs FV2648 vert prioritert. Tilkomsveg frå FV2648 går tett inntil grendahuset og er i planforslaget foreslege lagt om.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Forholdsvis stort og samanhengande areal som er eigna for produksjonsbedrifter / verkstad/lager.	Lite konflikter med anna bygning og brukarinteresser. Ligg relativt lang avstand frå sentrumsområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

Når det gjeld attraktivitet og kvalitet er utlegging av eit nytt næringsområde BN02 aust for Lundahaugan utgreidd med «Middels positiv konsekvens». Det som elles talar for å gå inn for utlegging av arealet for næringsformål, er at området er opparbeidd til ei plan grusflate og såleis kan vere egna for formålet, at arealet vil ha liten avkastning med omsyn til framtidig skogproduksjon, og at det er stor trong for tomter for industriformål. Området er om lag 34 daa stort, og det vil kunne være med på å avhjelpe det store behovet ein har for nytt industriareal, da det så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo.

Tabellen over viser elles at utlegging av næringsområde BN02 har ubetydelege konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Jord og skogbruk», «Geologiske og hydrologiske ressursar», «Kulturminne og kulturmiljø» og «Samfunnstryggleik». Det som slår mest negativt for området er dei verknader ei utbygging kan ha for klima og miljø med grunnlag i den store avstand til kommunesenteret og auka behov for transport, mangel på teknisk infrastruktur i området og auka biltrafikk langs vegstrekningar utan gang- og sykkelveg.

Forhold kring trafikksikkerheit for område BN02, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.7.


Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BN02 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig».

Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for BN02.

2.8 BN03 og BN04: Dønfoss (oppfor Øyberget kraftstasjon) - næringsområde.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	246/1 og 246/67	
Dagens formål (gjeldande RP)	Massedeponi og idrett.	
Foreslått formål	Næring (industri)	
Areal	42,4 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Arealet omfattar flatane på toppen av massedeponiet som var etablert i samband med kraftutbygging i Øvre Otta ved Øyberget kraftstasjon. Det er i dag etablert ei 3D bane for bågskyting og ein stor parkeringsplass på areala. Forslaget er å nytte BN03 og BN04 for industri. Ei utbygging vil måtte medføre at 3D-bana må flyttast.</p>		
<p>Kartutsnitt frå utkast til kommuneplanforslag 2020. Tilkomstvegen deler området i to. BN03 har eit areal på 28,0 daa. BN04 har eit areal på 14,4 daa.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/ sårbare artar eller verdfull natur. Beite for elg i skogen med småfuru som er etablert på massetippen.	Arealbruk for næringsformål vil påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	22,5 daa er areal der det er lagt på jord-masser, og det er gjenvekst av furuskog. I AR5 er skogboniteten på arealet oppgjeve til middels. Beite av liten verdi.	Utbygging vil medføre at området ikkje lenger kan nyttast til skogbruk og utmarksbeite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Sjølve utbyggingsområdet har små landskapsverdiar. Arealet ligg forholdsvis lite eksponert i landskapet sett frå bygnaden, riksvegen og turist-anlegga nede i dalføret. Frå oppe i høgda vil	Eit næringsområde vil vere eit merkbart nytt element i landskapet. Natur-/landsskapsopplevinga vil bli redusert for dei som går tur i eller opp gjennom området. Utbygginga vil vere mest synleg frå langt unna.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Middels negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

	næringsområdet vere eksponert.		
Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet er ei massefylling etter kraftutbygginga. Uvisst om det ligg ressursar (stein) som evt. kunne vore unytta kommersielt, t.d. ved vegbygging osv. Ingen grus- eller mineralressursar er registrert i NGU sine basar. Oppkomme av vatn er registrert på parkeringsplassen (Granada).	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig uttak av stein frå massedeponiet.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne i utbyggingsområdet/massedeponiet. Freda kulturminner registrert i området vest for deponiet.	Tiltaket har ingen verknader med omsyn til kulturminnevern. Kulturminna i området i vest ligg i planen som bandlagte og med omsynssone kulturminnevern rundt.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området ligg ganske skjerma og i noko avstand frå campingen, eksisterande bustadbygning og gardar, og ei industriutbygging vil neppe utgjere eit støy-/forureiningsproblem.	Etablering av arbeidsplassar 11 km frå kommunesenteret Bismo, vil medføre auka transport. Elles ligg areal nær RV15.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ein 3D-bane for bågaskyting ligg delvis innafor utbyggingsområdet. Anlegget er bygd ut med standplasser, turveg og gapahuk. Parkeringsplassen, vegen og stig/traktorveg brukt av turgåarar i området.	Realisering av utbyggingsplanane vil måtte medføre at bågaskyttingsanlegget må flyttast. Utbygger/kommunen bør dekkje utgiftene med dette, men truleg ikkje særleg store kostnader. Naturopplevinga for turgåarar vil bli skadelidande ved ei industriutbygging, og folk på tur kan ikkje lenger nytte parkeringsplassen som utgangspunkt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg nær RV15 og FV2650. Tilkomsveg til området frå Fv2650. Hovudvassleidning går gjennom området frå grunnvassbrønner i området oppfor (63 mm).	Tilkomsveg til området frå FV2650 kan følgje eksisterande trase, men må utbetrast på strekninga oppfor Øyberget kraftstasjon. Forholdsvis rimeleg	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

	Avlaupsleiding opp til kraftstasjonen (110 mm).	med tilknytning til offenteg VA.	
Samfunns-tryggleik	NVEs aktsemdskart viser at området er utsett for flaumskred og jordskred, og ligg i utlaupsområde for snøskred. Dersom området skal byggast ut, må vere trygt å bygge ut i forhold til påkravd sikringsklasse i TEK.	Området må kartleggast meir grundig av fagfolk m.o.t. skredfare. Dersom faresonekartlegging viser at det er reell skredfare, må ein vurdere om sikringstiltak kan gjere at ein likevel kan bygge ut området (jf. TEK).	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Svært stor negativ konsekvens
Trafikk-tryggleik	Det er ikkje gang- og sykkelveg (GSV) inn frå RV 15 langs FV2650. Strekinga er ikkje skuleveg, men mykje turistar i området ved campinga i sumarhalvåret. Besøksenter ved Øyberget kraftverk.	Næringsutbygging vil medføre auka trafikk og auka risiko for ulykker. I planforslaget er det lagt inn forslag om GSV langs FV2650 fram til avkøyringa opp mot Øyberget kraftverk (GSV7).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Forholdsvis stort og samanhengande areal som er eigna for produksjonsbedrifter / verkstad/lager. Ligg relativt lang avstand frå sentrumsområdet (Bismo).	Kort avstand til offentleg vatn og avlaupsnett. Det ligg også godt til rette for å ruste opp tilkomstvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

Når det gjeld attraktivitet og kvalitet er utlegging av næringsområde BN03 og BN04 ved Dønfoss utgreidd med *Middels positiv konsekvens*. Det som elles talar for å gå inn for utlegging av arealet for næringsformål, er at området er opparbeidd til ei ganske plan og stabil grusflate og såleis kan vere godt egna for formålet, at arealet ligg nær RV15/FV2650 og ligg nær anna teknisk infrastruktur (VA og straum). Det er stor trong for tomter for industriformål. Området er 42,4 daa stort, og det vil kunne være med på å avhjelpe det store behovet ein har for nytt industriareal. Det er så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo.

Den største usikkerheita med tanke på utbygging av området er at alt areal er kartlagd med aktsemd i forhold til fare for snøskred og jord- og flaumskred på NVE skrednett. I samband med utarbeiding av privat reguleringsplan for Dønfoss camping i 2016, vart det gjort skredfarekartlegging av NGI. Faresonekartet som var resultat av denne kartlegginga omfattar berre arealet innfor reguleringsplanområdet. Sjølv om rapporten ikkje omfattar områda BN03 og BN04, er det mykje som kan tale for at skredfare som aktsemdskarta viser ikkje er reell. Når det gjeld snøskredfare er det skreve i rapporten frå kartlegginga, at det er om lag 20° helling frå toppen av losneområdet til FV2650. Vidare at området for oppbremsing av eit snøskred er langt (800 m) og slakt. Det visast til at Skjåk er eit nedbørsfattig område slik at det svært sjeldan går store skred. NGI konkluderer med at snøskred frå det aktuelle losneområdet vil kunne gå ned i furuskogen, men sjølv ikkje eit stort skred vil kunne nå ned

til FV2650 med eit sannsyn på 1/1000 per år. Dei simuleringane NGI da gjorde av snøskred, konkluderte med at eit snøskred vil kunne nå lag 300 m nord for FV2650 – dvs. om lag ved øvre grensa for BN03 og BN04. Når det gjeld faren for jord- og flaumskred konkluderte NGI at slike skred ikkje vil nå ned til reguleringsområdet for Dønfoss camping, dvs. FV2650. NGI viser til at det ikkje er bekkefar i det aktuelle området som kan gje flaumskred.

Faresonekartlegginga utført av NGI i 2017 på oppdrag for NVE, viser at det er flaumskredfare langs Gjøinge, men det blir ein del aust for det aktuelle utbyggingsområdet for næringsformål. Slik ein vurderer det er det nok stor sannsyn for at dette også vil gjelde for BN03 og BN04. Forhold kring skredfare for område BN03 og BN04, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.8.

Da skredkartlegginga til NGI frå 2016 ikkje omfattar det føreslegne utbyggingsområdet for næringsformål, må det bli gjort ny faresonekartlegging for BN03 og BN04.

Næringsutbygging vil kunne kome i konflikt med 3D-banen for bågaskyting som er etablert i området. Realisering av utbyggingsplanane vil måtte medføre at bågaskytingsanlegget må flyttast. Kommunen/utbygger bør vere behjelpelig med å finne eigna erstatningsareal og dekkje utgiftene med dette. Det er enkle anlegg, og truleg ikkje særleg store kostnader knytt til å flytte desse, men det må også vere tilgang på parkeringsplassar.

Næringsutbygging vil medføre auka trafikk og auka risiko for trafikkulykker. I planforslaget er det lagt inn GSV langs FV2650 frå RV15 fram til avkøyringa opp mot Øyberget kraftverk (GSV7). Det vil avbøte faren for trafikkulykker vesentleg. Forhold kring trafikksikkerheit for område BN03 og BN04, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.8.

Tabellen over viser elles at utlegging av næringsområde BN03 og BN04 har små negative konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Jord og skogbruk», «Landskap» og «Forureining, energi og klima».

Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BN03 og BN04 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig» i kommuneplanens arealdel.

Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for BN03 og BN04. I samband med dette arbeidet, er det det er ein føresetnad at det blir gjort faresonekartlegging for området i forhold til skredfare. Endeleg konklusjon om utbygging av området for næringsformål må takast i forhold til resultatet av denne kartlegginga. Anten ved at kartlegginga viser at området tilfredstille dei sikringskrava som er sett i byggt teknisk forskrift (TEK), eller at slik sikkerheit evt. kan nåast ved å gjennomføre tryggingstiltak.

2.9 BN05: Nystugu – næringsområde.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	21/2 og 84/1	
Dagens formål	LNF	
Foreslått formål	Næring (industri)	
Areal	55,0 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Området ligg mellom skytebanen og Nystugu. Miljø og samfunnsutvalet ønska å få vurdert eit areal her for framtidig utbygging for næringsformål – industri. Arealet som er lagt inn er dei flatare partia i området, og areal som ligg utanom dyrka mark. Vegtilkomst frå RV15 må skje frå etablert avkøyring ved skytebanen.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/ sårbare artar eller verdfull natur. Leveområde for hjortevilt.	Arealbruk for næringsformål vil påvirke naturverdiar og biologisk mangfaldverdiar i liten grad.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Utbyggingsarealet omfattar barskog der 48,1 daa er av låg bonitet og 6,9 daa er av middels bonitet. Alt areal er kartlagt som dyrkbart.	Utbygging vil medføre at området ikkje lenger kan nyttast til skogbruk, og gjere evt. oppdyrking uaktuelt.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Utbyggingsområdet har relativt små verdiar knytt direkte til landskapsbiletet, men ein turstig i vest og mange freda kulturminner, aukar opplevingsverdien. Arealet ligg lite eksponert sett frå riksvegen. Frå tilgrensande gardar, vil det vere innsyn mot området.	Eit næringsområde vil vere eit merkbart nytt element i landskapet. Utbygging vil øydelegge opplevingsverdi knytt til kulturminner og gå ut over naturopplevinga for dei nyttar turstigen i vest. Innsikta mot området kan dels skjermast ved å sette att skogbelte.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Arealet ligg på ein breelv-avsetting og er kartlagt som grusressurs i NGUs grusdatabase, men er oppgjeve med liten verdi. Grunnvassressursar i området, men ingen uttak i utbyggingsområdet.	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig uttak av grus og evt. større grunnvassuttak i utbyggingsområdet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert 12 kolgroper som ligg heilt eller dels innanfor utbyggingsområdet (kontrollregistrert av arkeolog i 2018). Desse med sikringssoner er freda i medhald av kulturminnelova, og er avmerkte som 5 bandlagte område på plankartet.	Ei utbygging vil øydelegge dei fleste av kulturminna, eller gå ut over desse som samanhengande system. Dersom det skal skje ei næringsutbygging må kommunen søkje Riksantikvaren om frigjeving av kulturminna, og ein får evt. kostnadar med utgraving/undersøking.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort negativt omfang (---)</i> Svært stor negativ konsekvens.
Forureining, energi og klima	Området ligg ganske skjerma. Det ligg ei bustadtomt inntil området i vest, elles ligg næraste bustadbygning og gardstun i avstand om lag 300 m. Eit næringsområde kan evt. utgjere eit støy-/ forureiningsproblem avhengig av kva for verksemd som etablerast. Støysone frå skytebana når området frå vest. Ikkje utbygd med offentleg VA-nett.	Etablering av arbeidsplassar 3 km frå kommunesenteret Bismo, vil medføre auka transport. Ei løysing med reinsing av avlaupsvatn må bli etablert, anten ved at området vert knytt til offentleg VA-nett, eller ved utbygging av eige reinseanlegg (mest aktuelt med jordreinseanlegg). Krav om støyanalyse ved etablering av støyande verksemd.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Turstig går opp vest for området. Dei mange freda kulturminner, aukar opplevingsverdien i området.	Utbygging vil øydelegge opplevingsverdi knytt til kulturminner og gå ut over naturopplevinga for dei nyttar turstigen i vest.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg nær RV15. Avkøyring og tilkomstveg til området frå må bli rusta opp om det blir utbygging. Det er om lag 1,5 km til evt. tilknytning til offentleg vatn og avlaupsnett i Bismo.	Ei løysing med reinsing av avlaupsvatn må bli etablert, anten ved at området vert knytt til offentleg VA-nett, eller ved utbygging av eige reinseanlegg (da evt. mest aktuelt med jordreinseanlegg).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Området ligg ikkje utsett for ras eller skred (NVEs aktsemdskart). Området er ikkje flaumutsett, men overvatn kan vere ei utfordring da det er ein del søkk i terrenget.	Området vil kunne tilfredstille krava til sikker byggegrunn i byggtknisk forskrift (TEK), men det må lagast ein plan for handtering av overvatn.	<i>Stor verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Stor positiv konsekvens
Trafikk-tryggleik	Det er ikkje gang- og sykkelveg (GSV) langs RV 15. Det er lite busetting langs tilkomstvegen, men denne er blir brukt som av gåande fram til turstigen.	Næringsutbygging vil medføre auka trafikk og auka risiko for ulykker. Kryss mot RV15 må utbetrast av omsyn til trafikktryggleik. Lite truleg av GSV blir prioritert langs RV15.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Forholdsvis stort og samanhengande areal som er eigna for produksjonsbedrifter/ verkstad/lager. Ganske sentralt plassert i forhold til sentrumsområdet (Bismo).	Det manglar utbygd offentleg tilknytning av vatn og avlaup mot dette området, og slik tilknytning blir kostbart å bygge ut. I tillegg kjem kostnadar til å bygge ut 400 m tilkomstveg.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

Når det gjeld attraktivitet og kvalitet er utlegging av eit nytt næringsområde BN05 utgreidd med «Middels positiv konsekvens». Området er om lag 55 daa stort, og det vil kunne være med på å avhjelpe det store behovet ein har for nytt industriareal, da det så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo. Da det manglar offentleg infrastruktur (VVA) vil området bli kostbart å bygge ut.

Men utbygging av området er i stor konflikt i forhold til kulturminnevern. Mange freda kulturminner blir råka, og desse utgjer eit samanhengande system og viser det store omfang utvinning av jern har hatt i området i tidlegare tider. Det er derfor ikkje usannsynleg at forlaget om utbygging vil bli møtt av motsegn frå kulturminnesstyresmaktene.

Forhold kring overvatn og trafikktryggleik for område BN05, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.9.

Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Det er viktig å bevare kulturminneverdiane i området, og saksbehandlar kan derfor ikkje tilrå at området BN05 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. I tillegg vil området bli kostbart for kommunen å bygge ut med infrastruktur som veg, vatn og avlaup.

2.10 BN06 og BN07: Tundramoen - næringsområde.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	246/1	
Dagens formål	LNF	
Foreslått formål	Næring (industri)	
Areal	161,2 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Forslaget er å nytte BN06 og BN07 for industri. Arealet ligg inntil eit område som er regulert til næringsformål for pelsdyroppdrett (90,5 daa). Det er etablert ein pelsdyrfarm i det regulerede området, men denne næringa skal avviklast slik at området da kan takast i bruk for andre næringsføremål. Kommunen har et anlegg for lagring/ behandling av kloakkslam frå reinseanlegga innafor det regulerede arealet (8,7 daa).</p>		

Kartutsnitt frå utkast til kommuneplanforslag 2020. BN06 har eit areal på 101,2 daa. BN07 har eit areal på 60,0 daa.

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/ sårbare artar eller verdfull natur. Leveområde for hjortevilt.	Arealbruk for næringsformål vil påvirke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	I AR5 er skogboniteten oppgjeve til låg. I den nordre delen av BN07 er 10 daa kartlagt som dyrkbart. Utmarksbeite.	Utbygging vil medføre at området ikkje lenger kan nyttast til skogbruk og utmarksbeite, og ikkje kan dyrkast.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Landskap	Sjølve utbyggingsområdet har små landskapsverdiar, elles generelt store landskapsverdiar i området ved dei verna vassdraga Tundre og Ostre. Arealet ligg forholdsvis lite eksponert i landskapet sett frå bygnad i området rundt. Frå oppe i høgda vil næringsområdet vere eksponert.	Utbygging vil innebere ei utviding av eit allerede etablert næringsområde. Utbygginga vil vere mest synleg frå langt unna.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Området er registrert som ein grusressurs i NGU sine basar. Ikkje registrert grunnvassbrunnar i området (Granada).	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursen, men slik utnytting er i også konflikt med freda kulturminne og allereie etablert verksemd i området. Grusressursane er store i Skjåk i forhold til behov/forbruk, slik at ein vurderer dette til ikkje å ha store skadeverknadar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne inne i utbyggingsområda. Samanhengande rekkje av freda fangstgroper for elg vest for området, og også nokon på austsida. Gamal tjurumile registrert i kanten av BN06 (ikkje freda).	Utbygging har ingen direkte verknader med omsyn til kulturminnevern. Kulturminna i området ligg i planen som bandlagte. Tjurumila er lagt som omsynssone, og er helde utanom utbyggingsområdet.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området ligg ganske skjerna og i noko avstand frå eksisterande bustadbygning og gardar, og ei industriutbygging vil neppe utgjere eit støy-/forureiningsproblem. I dag lukt frå revedfarm og slamanlegg.	Etablering av arbeidsplassar 12,7 km frå kommunesenteret Bismo, vil medføre auka transport.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Ingen turstigar i sjølv utbyggingsområdet, men fleire i området rundt. Skiløyper/ljosløype i åsen oppfor (næraste avstand 300 m).	Natur-/landsskapsopplevinga vil bli redusert for dei som går tur i eller utøvar friluftsliv i området.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Lite negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Arealet ligg inntil regulert næringsområde. Vegtilkomst frå RV15 over FV2652 (Bråtåvegen) og opp langs den kommunale Tundramovegen som er bomveg siste stykket. Området er ikkje knytt til offentleg vatn- og avlaup. Vassforsyning frå grunnvassbrunn i lia oppfor, og i tillegg regulert areal i RP- plan.	Tundramovegen har slitt Ottadekke og må opprustast ved ei utbygging av industri i området. Forholdsvis lang avstand for tilknytning til offentleg VA (1,2 km til næraste avlaupsleidning, 2,2 km til reinseanlegg). Kan vere mogeleg med lokalt reinseanlegg med infiltrasjon i grunnen, (må utgreiast nærare).	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Samfunns-tryggleik	Ikkje skredfare eller flaumfare i området.	Ingen verknad. Ikkje rekna at utbygging vil medføre auka fare.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikk-tryggleik	Gang- og sykkelveg (GSV) i kryssområdet mot RV15 ved Bruvoll . Ikkje GSV langs FV2652 (Bråtåvegen) eller Tundramovegen. Strekninga er i liten grad trafikkert av skuleungar, da desse har skuleskysst til Bismo.	Næringsutbygging vil medføre auka trafikk og auka risiko for ulykker. Ikkje realistisk at gang- og sykkelveg blir bygd langs FV2652 eller langs Tundramovegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Store samanhengande areal som er eigna for produksjonsbedrifter / verkstad/lager. Ligg relativt lang avstand frå sentrumsområdet (Bismo). Området er ikkje utsett for skred eller flaum.	Lang avstand til offentleg vatn og avlaupsnett. Det ligg også godt til rette for å ruste opp tilkomstvegen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

Når det gjeld attraktivitet og kvalitet er utlegging av næringsområde BN06 og BN07 inntil det regulerte næringsområdet på Tundramoen utgreidd med *Middels positiv konsekvens*. Det som talar for å gå inn for utlegging av arealet for næringsformål, er at området er forholdsvis flatt og har god byggegrunn og såleis kan vere godt eigna for formålet. Området er ikkje utsett for skred eller flaum. Det trekk ned at området vil vere kostbart å knyte opp mot offentleg avlaup, men det kan vere mogleg med lokalt reinseanlegg med infiltrasjon i grunnen, (må utgreiast nærare). Det er stor trong for tomter for industriformål. Området er 160,2 daa stort, og saman med det regulerte næringsarealet på 90,5 dekar det vil i stor grad kunne dekkje behovet ein har for nytt industriareal. Det er så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo.

Tabellen over viser elles at utlegging av næringsområde BN06 og BN07 er vurdert å ha ubetydelege eller små negative konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Landskap», «Geologiske og hydrologiske ressursar», «Kulturminne og kulturmiljø», «Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge», «Samfunnstryggleik», «Trafikktryggleik» og «Forureining, energi og klima».

«Jord og skogbruk» er vurdert å ha middels negativ verdi med grunnlag i at noko areal er kartlagt som dyrkbart. Dette er basert på kartlegging i samband med etablering av økonomisk kartverk på 1980-talet og det er usikkert om det vil svare seg økonomisk å dyrke i dag.

Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BN06 og BN07 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

2.11 BN08: Sør for Lundahaugan - næringsområde

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	61/25, 27/15 og 28/9	
Dagens formål (gjeldande KP)	LNF	
Foreslått formål	Kombinert formål næring og masselagring	
Areal	46,0 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Arealet ligg på terrasseflata vest for Skjøle. Området er skoggrunn, som dels er hogd ut på eigedomen GID 61/25. På delar av denne eigedomen har det også vore massetak/masselagring/massebehandling etter uttak i Skjøle. Forslaget er å nytte dette arealet for industri.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/sårbare artar eller naturforekomstar. Leveområde for hjortevilt	Arealbruk for næringsformål vil i liten grad påverke naturverdiar og biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	37,4 da er skoggrunn der boniteten er oppgjeve til låg. Ikkje kartlagt som dyrkbart. Arealet har forholdsvis liten verdi som utmarksbeite.	Utbygging vil medføre at området ikkje lenger kan nyttast til landbruk.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg noko eksponert i landskapet nede i dalføret, og frå oppe i høgda vil næringsområdet i større grad vere eksponert. Det vil stå att ei brei vegetasjonssone mot Skjøle (om lag 80 m). Generelt moderate landskapsverdiar i området.	Etablering av næringsområde vil vere eit merkbart nytt element i eit landskap elles dominert av landbruk og spreidde bustadar. Frå den næraste busettinga, grendahuset og ridebanen vil industriområdet dels bli dominerande i landskapsbildet.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Det er kartlagt grusressursar og grunnvassressursar i utbyggingsområdet (NGU). Ein grunnvassbrunn registrert i området (Granada).	Ei utbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursar. Grusressursane er store i Skjåk/området i forhold til behov/forbruk, slik at ein vurderer dette til ikkje å ha store skadeverknadar	<i>Middels verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området	Tiltaket har ingen verknader med omsyn til kulturminnevern.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Området ligg om lag 5,5 km frå Bismo. I forhold til at da området ligg ganske nær eksisterande bustadbygning, grendahus og ridebane, kan støy og støv kunne vera eit problem.	Etablering av arbeidsplasser 5,5 km frå kommunesenteret, vil medføre auka transport. Lite eigna for industri som årsakar mykje støy og støv da det ligg forholdsvis nær bustadbygning, grendahus og ridebane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Området er ikkje registrert som leikeområde eller friluftsområde. Noko ferdsel langs elva.	Liten verknad for friluftsliv og barn/unge.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Veg til området frå Fv2648 må utbetrast og leggast om ved grendahuset. Lang avstand til offentleg vatn og avlaup, men grei leidningstrase.	Må bygge ut veg og knyte området mot offentleg VA. Om lag 1,1 km til nye Bismo reinseanlegg.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Samfunns-tryggleik	Ikkje skredfare eller flaumfare i området.	Ingen verknad. Ikkje rekna at utbygging vil medføre auka fare.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Trafikk-tryggleik	På strekninga frå Bismo er det gang- og sykkelveg (GSV) langs RV 15 til Vollungsbrua, men ikkje over riksvegbrua og til FV2678, og ikkje langs FV2648.	Auka trafikk medfører auka risiko for ulykker. Det er lite realistisk at utbygging av GSV langs FV2648 vert prioritert. Tilkomstveg frå FV2648 går tett inntil grendahuset og er i planforslaget føreslege lagt om.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Forholdsvis stort og areal som er eigna for produksjonsbedrifter/verkstad/lager. flatt areal med god byggegrunn, men forholdsvis store kostnader med VA-tilknytning.	Ligg relativt lang avstand frå sentrumsområdet. Lite eigna for industri som årsakar mykje støy og støv da det ligg forholdsvis nær bustadbygning, grendahus og ridebane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens

Samla vurdering:

Når det gjeld attraktivitet og kvalitet er utlegging av eit nytt næringsområde BN02 sør for Lundahaugan utgreidd med «Middels positiv konsekvens». Det er stor trong for tomter for industriformål. Området er om lag 46 daa stort, og det vil kunne være med på å avhjelpe det store behovet ein har for nytt industriareal. Det så å seie ikkje er att ledig industriareal i Bismo og på Aurmo.

Tabellen over viser elles at utlegging av næringsområde BN08 har små eller ubetydelege konsekvensar når det gjeld punkta «Naturmiljø og naturmangfald», «Jord og skogbruk», «Geologiske og hydrologiske ressursar», «Kulturminne og kulturmiljø», «Føureining, energi og klima» og «Samfunnstryggleik». Det som slår mest negativt for området er konsekvensar for landskapet, mangelfull teknisk infrastruktur og auka biltrafikk langs vegstrekningar utan gang- og sykkelveg.

Forhold kring trafikksikkerheit for område BN08, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.7 (saman med BN02). Forhold kring støy/støv for område BN08, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.10.

Konklusjon

Industri er ei viktig næring i kommunen, og det er viktig å ha tilgjengeleg areal for vidare utbygging.

Saksbehandlar tilrår at området BN08 blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging med arealbruksformål «Næring - Framtidig».

Det blir stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for BN08.

2.12 BRU01 og BRU02 Massetak i Skjôle.

Forslagsstillar:	Regional plan	
Gnr./bnr.	61/25 m.fl.	
Dagens formål	Bruk og vern av vassdrag/LNF	
Foreslått formål	Råstoffutvinning - Framtidig	
Areal	BRU01: 11,3daa BRU02: 3,1 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Dei to planlagde massetaka i Skjôle ligg i regional plan for Gudbrandsdalslågen. Område BRU02 er forlenga ned til Ottaelva. Massetak skal skje regelmessig som flaum-sikringstiltak. Massane er planlagt frakta til mellombels masselager liggande på Kollovangen/Lund, som også var nytta av NVE som deponi ved reinsk av vassdraget etter flaumen i 2018. Transport av masse er tenkt etter eksisterande vegnett som er planlagt utbetra og lagt om ved grendahuset.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen kjente registreringer av truga eller sårbare artar i dei råka områda. Det er en bestand av aure i elva. Flaumen i 2018 og reinsk av elvelaupet etter denne, har ført til store endringar av dei økologiske forholda og øydelegging av gyteplassar og standplassar for fisk. Skjôle er varig verna mot kraftutbygging, men dei aktuelle elvestrekningane står i dag fram utan store naturverdiar.	Vassdraget vil bli råka i uttaksperiodane, men flaumen i 2018 og reinsk av elvelaupet etter denne, gjer at det pr. i dag er små biologiske verdiar som vert skada. Det er ein føresetnad at framtidig masseutak skal skje på låg vasstand for å unngå/ redusere skadeverknadane på vassdragsmiljøet og på fiskebestanden.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområda i elva har ingen verdi for landbruk.	Ingen verknad.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Store landskapsverdiar langs Skjôle, men elvestrengen er betydeleg endra og uttaksområda ligg normalt under vatn.	Ingen verknad	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Kartlagt grusressursar/ grunnvassressursar. Ingen kartlagde grunnvassbrunnar ligg i eller nær uttaksområda. I tillegg til å førebygge flaum, er det positivt å utnytte grus og steinmassane som legg seg opp i elva.	Ved uttak og transport av grus må ein sørge for at grunnvassressursar ikkje blir skada.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Vassdraget er verna. Det har skjedd fleire gonger at elvestrengen har vorte påverka av anleggstiltak etter flaumar, og det er også bygd sikringsanlegg mot flaum tidlegare. Vatnet i elva er lite påverka av forureiningar.	Uttak og transport av masse vil medføre noko støy mot kringliggande bustadar/gardar. Uttaka medfører inngrep i vassstrengen, men det er ein føresetnad at framtidig masseuttak skal skje på låg vasstand for å unngå at slam virvlar opp og gjer skadar på biologisk mangfald og gyteplassar for fisk lengre nede.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Også nedre del av vassdraget blir nytta til elvesport, og det er venta at forholda vil bli betra etter dei tiltaka som har skjedd etter flaumen. På grunn av strømningsforhold mindre attraktiv til fiske.	Uttak av masse vil skje på ei årstid med liten elvesportsaktivitet og fiske.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Det går eksisterande vegar ut til fylkesvegen og plass for foredling/knusing. Den planlagde bruken vil krevje noko tilrettelegging av vegane.	I kommuneplanforslaget er det lagt inn trase for omlegging av tilkomstveg ved grendahuset, og rom for utbetring av vegane.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite positivt omfang (+)</i> Liten positiv konsekvens
Samfunns-tryggleik	Vassdraget legg att mykje masse som fører til at flomverk misser effekten.	Positivt med uttak av masse for å redusere vasstand i flaumperiodar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Trafikk-tryggleik	Det er eksisterande veg til uttak, som i liten grad medfører ulemper for busetnad.	Trafikken til og frå uttaka vil i liten grad gå nær busetnad, slik at risikoen for ulykker i liten grad aukar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Flaumsikring er hovudføremålet. Massane som takast ut av elva kan knusast og nyttast som en verdifull ressurs.	Det er positivt at dette er «fornybare massar» slik at inngrep i form av massetak andre stader vil bli redusert.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tiltaket er eit ledd i den regionale planen for Gudbrandsdalslågen med sideelvar, og der det er planlagt at det skal skje regelmessige massetak i elva for å unngå framtidige flaumskadar.

En positiv sideverknad er at massane som blir teke ut, kan knusast/sorterast og nyttast som ein verdifull ressurs. Det er positivt at dette også er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.

Det negative er i første rekkje at uttaket skjer i ei vassdrag som er varig verna vassdrag. Skjøle vart varig verna i Verneplan IV frå 1993. Vernegrunnlaget er at vassdraget i stor grad er urørt. Former på elveløpet og landskapsformer etter isavsmeltinga, botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet, og det er også kulturminneverdiar av stor verneverdi langs vassdraget. Området er viktig for friluftslivet og utfyller vernet som nasjonalpark ned til utløpet i Ottaelva.

Tiltaka som er føreslege her, vil i liten grad råke desse verdiane. Langs den nedre delen av Skjøle, i dalbotnen og i dalsidene, er det gardsdrift og anna bygnad med infrastruktur, og vassdraget er her påverka av tidligare tekniske inngrep. Flaumen hausten 2018 raserte også dels elveløpet på den strekninga som uttaka her skal skje, og øydela dessutan dels dei eksisterande sikringsanlegga.


Konklusjon:

Tiltaket er eit ledd i ein regional plan.

Elva legg att store mengder masse og flomverket som er etablert har fått redusert funksjon. Elvestrekninga har vore gjennom store inngrep tidlegare og sjølv om det er eit verna vassdrag vil samfunnsverdien av tiltaka vera så stor at fordelane vil vera langt større enn ulempene. Det er også positivt at dette er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.

Saksbehandlar tilrår at områda BRU01 og BRU02 blir med i forslaget til ny kommuneplan med arealbruksformål «Område for råstoffutvinning - Framtidig»

2.13 BRU03 og BRU04 Massetak i Ottaelva – ved Gamle Vollungsbrui og Storøya.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	23/3, 23/22 mfl.	
Dagens formål	Bruk og vern av vassdrag	
Foreslått formål	Råstoffutvinning - Framtidig	
Areal	BRU03: 1,7 daa og BRU04: 26,2 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Dei to planlagde masseuttak i Ottaelva, er på areal der det har lagt seg opp store mengder stein og grusmasse etter flaumen hausten 2018. Masseuttaka er foreslått for å ta ut masse som krisetiltak no, og for å ha mogelegheit for regelmessig uttak i elva som førebyggjande tiltak. Massane som vert teke ut, må fraktast til fraktast deponi eller eigna areal for sortering og knusing. Transport av masse er tenkt etter eksisterande vegnett frå mellombelse anleggsvegar.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen kjente registreringar av truga eller sårbare artar i dei råka områda. Det er god bestand av aure og harr i elva. Flaumen i 2018, førte til store endringar av økologi og forholda for fisk.	Vassdraget vil bli råka i uttaksperiodane. Det er ein føresetnad at masseuttak skal skje på låg vasstand for å unngå at slam virvlar opp og gjer skadar på biologisk mangfald og fiskebestand og gyteplassar.	Middels verdi (**) Middels negativt omfang (--) Middels negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Uttaksområda i elva har ingen verdi for landbruk.	Ingen verknad	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	I utgangspunkt store landskapsverdiar, men elvestrengen er betydeleg endra. Områda som er planlagd for uttak ligg no for store delar over vatn, mens dei tidlegare låg under vatn ved normal vasstand. Endringa kan medføre øydeleggende elveflaum på areal og landskapsformar omkring.	Inngrepa vurderast som forholdsvis små, da uttaksområda normalt har ligge under vatn.	Stor verdi (***) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Grunnvassressursar. Ein grunnvassbrunn for tomta nærast Aurabrua ligg nær uttaksområda BRU03. I tillegg til å førebygge flaum, er det positivt å utnytte grus og steinmassane som legg seg opp i elva ved store flaumar.	Ved uttak og transport av grus må ein sørge for at grunnvassressursar ikkje blir skada.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknad	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Elvestrengen har få inngrep, men det har skjedd også før at har vore naudsynt å gjere anleggstiltak etter flaumhendingar. Det er også bygd enkle sikringsanlegg mot flaum tidlegare, som no dels vart øydelagde av flaumen. Vatnet i elva er forholdsvis lite påverka av forureiningar.	Uttak og transport av masse vil medføre noko støy for kringliggande bustadar. Uttaka medfører eit inngrep i vasstrengen, men det er ein føresetnad at framtidig masseuttak skal skje på låg vasstand for å unngå at slam virvlar opp og gjer skadar på biologisk mangfald og gyteplassar for fisk lengre nede.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Vassdraget blir nytta til elvesport, men elvestrekninga har vorte vanskelegare/farlegare å bruke etter flaumen. Det er venta at forholda vil bli betra for elvesport og fiske om det tillatas massetak.	Uttak av masse vil skje på ei årstid med liten elvesportsaktivitet og fiske.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Områda BR03 ved gamle Vollungsbrua ligg nær fylkesvegen og vanskeleg til for vegtilkomst. For uttak i område BR04, må tilkomst frå fylkesvegen skje via vegnett innafor Storøya Villmarkscamp.	Liten verknad for teknisk infrastruktur. Internvegane på campinga må truleg forsterkast for å tåle tyngre anleggstrafikk.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Flaumen har ført til opphoping av masse i område BR03, som gjer at elva eroderer sterkt inn mot brua. Flaumen har lagt att mykje masse i område BR04 som fører til at vatnet lett flaumar inn på campingområdet og også trugar infrastruktur og bustadhus i Aurmoen.	Masseoppoppinga har endra straumforholda i elva, slik at ho eroderer mot riksvegbrua, gang-/sykkelvegen og nedre del av bustad-feltet i Aurmoen. Uttak av masse vil senke vassnivå og skadar på infrastruktur, bygg og anlegg i flaumperiodar.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Trafikk-tryggleik	For uttransport av massar frå BR04 må transport skje ut langs internveger og langs fylkesvegen. Tilkomsten til områda må avklarast nærare i reguleringsplan.	Trafikken vil i liten grad gå nær busetnad. Det har vore fleire trafikkulykker med personskade på strekninga på RV15 utafor området, og det burde vore bygd gang- og sykkelveg langs RV15. Anleggs-trafikk vil strekke seg over ei stutt periode, slik at verknadane for trafikk-tryggleiken på lang sikt reknast som liten.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Flaumsikring er hovudføremålet. Massane som takast ut av elva kan knusast og nyttast som en verdifull ressurs.	Det er positivt at dette er «fornybare massar» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Masseuttaka er føreslått for å ta ut nokre av dei store stein og grusmassane som har stua seg opp i området etter flaumen hausten 2018, både som krisetiltak, og også for å ha mogelegheit for regelmessig uttak i elva som flaumførebyggande tiltak. En positiv sideverknad er at massane som blir teke ut, kan knusast/sorterast og nyttast som ein verdifull ressurs. Det er positivt at dette også er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert. Det negative er i første rekkje at uttaket skjer i ei vassdrag som har store verdiar knytt til seg når det gjeld landskapsverdiar, biologisk mangfald og friluftsliv. KU visar at tiltaka som er føreslege, i liten grad vil råke desse verdiane. Flaumen hausten 2018 raserte også dels elvelaupet på den strekninga som uttaka er planlagt å skje, og øydela dessutan dels dei eksisterande sikringsanlegga. Både for friluftsliv knytt til områda ved Storøya, for utøving av elvesport og for sportsfiske vil massetaka som er føreslege virke positivt.

Forhold kring støy og trafikksikkerheit for områda, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.11.


Konklusjon:

Elva legg att store mengder masse og har fått endra straumforhold som gjer at etablert flaumverk har fått redusert funksjon. Vassdraget har lagt att mykje masse som fører til at vatnet lett flaumar over og inn på campingområdet og også trugar bustadhus. Opphopinga av masse har gjort at elva eroderer sterkt inn mot brua og gang- og sykkelvegen til Aurmoen og også trugar areal nedst i bustadfeltet.

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av tiltaka, vil vera så stor at fordelane vil vera langt større enn ulempene. Det er også positivt at dette er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.

Saksbehandlar tilrår at områda BRU03 og BRU04 blir med i forslaget til ny kommuneplan med arealbruksformål «Område for råstoffutvinning - Framtidig». For å sikre ei forsvarleg gjennomføring av uttaka, vert det tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

2.14 BRU05, BRU06 og BRU07: Tundre/Ostre – Massetak og massedeponi.

Forslagsstillar:	Regional plan	
Gnr./bnr.	246/1	
Dagens formål	Bruk og vern av vassdrag/ LNF	
Foreslått formål	Masseuttak og areal for mellombels deponi	
Areal	18,3 daa (3,7 + 4,6 + 10)	
Dyrka mark	0	
<p>Dei to uttaksområda BRU05 og BRU 06 ligg i regional plan for Lågen med sideelvar, medan det massedeponiet BRU07 er eit tidlegare grustak. Transport av masse er tenkt etter eksisterande skogsveg og kjørespor. Mellom uttaks-punkta, er transport tenkt etter vassdraget ved låg vasstand.</p>		
<p>BRU05 ligg ved utlaupet av Tundri og utgjer 3,7 daa. BRU06 ligg i Ostre ved Åmotsøye og utgjer 4,6 daa. BRU07 er mellombels deponi og areal for knusing av massar og ligg nedst i Brumellomlii vest for Tundri. Det er eit tidlegare grusuttak, og arealet er på om lag 10 daa.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen kjente registreringer av truga eller sårbare artar. God bestand av aure i elva, men flaumen i 2018 førte til tilslamming av gyteplassar, rogn og øydelegging av leveområde. Tundre og Ostre er varig verna mot kraftutbygging, men ingen store verdiar i det aktuelle området.	Massetaka skjer i verna vassdrag, og vassdraget vil bli råka i uttaksperiodane. Deponi er tenkt lagt på eit område som har vore nytta som grusuttak tidlegare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Deponiområdet ligg i furuskog med middels bonitet, på eit areal der det har vore teke ut grus tidlegare.	Skadeverknadene for landbruksnæringa vurderast som små.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Verna vassdrag. Massedeponi ligg forholdsvis skjerma i landskapet.	Inngrepa vurderast å ha små verknadar, da uttaksområda normalt ligg under vatn og deponiet på areal der det tidlegare har vore massetak.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Kartlagt grus-ressursar/grunnvass-ressursar. Grunnvassuttak vest for utlaupet av Tundri.	Positivt å utnytte grus-ressursen. Ved uttak og transport av grus må ein sørge for at grunnvassressursen ikkje blir skada, og at utnyttinga av denne blir ivareteke.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Uttaksområdet ved Tundri (BRU05) ligg inntil eit stort fangstanlegg for elg som har sperra av heile dalføret.	Uttaksområda ligg i elvefaret og vil ikkje ha innverknad. Deponi er lagt i god avstand frå kulturminna. Veg for massetransport må planleggjast slik at den ikkje kjem i konflikt med kulturminna.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Vassdraget er verna. Med unntak av tidlegare flaumsikring hadde området få inngrep frå tidlegare, men området vart dels rasert ved flaumen i 2018. Ein pelsdyrfarm på Tundramoen er sårbar for støy i periodar av året, men næringa er planlagd avvikla.	Uttaka medfører inngrep i vassdraget. På strekning opp til Tundre er det utført opprensk og forbyggingsarbeid tidlegare. Ved knusing kan det bli støy mot bustadområdet i Uppnosi som ligg på det næraste 600 m unna, men det kan gjerast avbøtande tiltak i deponiområdet for å redusere støyeksponeinga.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Vassdraget blir mykje nytta til elvesport. På grunn av strømningsforhold er det mindre attraktiv for fiskeing.	Uttak av masse vil skje på ei årstid med liten elvesportsaktivitet og fiske.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området er lite utbygd med infrastruktur i dag. Den planlagde bruken vil krevje liten tilrettelegging.	Det må etablerast enkel transportveg frå uttaka til massedeponiet. Det er eksisterande veg til massedeponiet, som har tilkomst via bru over elva til Bråtåvegen.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Vassdraga legg att mykje masse som fører til at elva flaumar over og trugar bygningar og dyrka mark.	Det er planlagd uttak av masse på to lokalitetar for å redusere vasstand i periodar med flaum.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Trafikk-tryggleik	Det er eksisterande veg til massedeponiet, som har tilkomst via bru over elva til Bråtåvegen.	Trafikken til og frå massedeponiet vil i liten grad gå nær busetnad, slik at risikoen for ulykker i svært liten grad aukar.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Attraktivitet og kvalitet	Flaumsikring er hovudføremålet. Massane som takast ut av elva kan knusast og nyttast som en verdifull ressurs.	Det er positivt at dette er «fornybare massar» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.	<i>Stor verdi (***) Stort positivt omfang (+++) Stor positiv konsekvens</i>
---------------------------	--	--	---

Samla vurdering:

Tiltaket er eit ledd i den regionale planen for Gudbrandsdalslågen med sideelvar, og der det er planlagt at det skal skje regelmessige massetak i elva for å unngå framtidige flaumskadar.

En positiv sideverknad er at massane som blir teke ut, kan knusast/sorterast og nyttast som ein verdifull ressurs. Det er positivt at dette også er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.

Det negative er i første rekkje at uttaket skjer i ei vassdrag som er varig verna vassdrag. Ostre og Tundre vart varig verna i Verneplan IV frå 1993. Vernegrunnlaget er at vassdraget i stor grad er urørt. Former på elveløpet og landskapsformer etter isavsmeltinga, botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet, og det er også kulturminneverdiar av stor verneverdi langs vassdraget. Området er viktig for friluftslivet og utfyller vernet som nasjonalpark ned til utløpet i Ottaelva.

Tiltaka som er føreslege her, vil i liten grad råke desse verdiane. Langs dei nedre delane av Ostre og Tundre, i dalbotnen og i dalsidene, er det gardsdrift og anna bygnad med infrastruktur, og vassdraga er her påverka av tidligare tekniske inngrep. Flaumen hausten 2018 raserte også dels elvelaupa på den strekninga som uttaka her skal skje, og øydela dessutan dels dei eksisterande sikringsanlegga.

Forhold kring støy for område BRU07, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.12.

Konklusjon:

Tiltaket er eit ledd i ein regional plan.

Elva legg att store mengder masse og flomverket som er etablert har fått redusert funksjon.

Elvestrekninga har vore gjennom store inngrep tidlegare og sjølv om det er eit verna vassdrag vil samfunnsverdien av tiltaka vera så stor at fordelane vil vera langt større enn ulempene.

Det er også positivt at dette er «fornybare masser» slik at inngrep i naturen i form av massetak andre stader vil bli redusert.

Saksbehandlar tilrår at områda BRU05, BRU06 og BRU07 blir med i forslaget til ny kommuneplan med arealbruksformål «Område for råstoffutvinning - Framtidig».

2.15 BRU08: Steinbrot Heggeruste

Forslagsstillar:	Skjåk almenning	
Gnr./bnr.	246/1	
Dagens formål	LNF-område	
Foreslått formål	Råstoffutvinning Framtidig	
Areal	65 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Arealet ligg ved Heggeruste i Skjåk almenning. Ved prøveuttak i 2017 er det lokalisert gode steinførekomstar som er eigna til muring. Det er etterspørsel etter slik stein, og dagens behov blir dekt ved lang transport, heilt frå Oppdal.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Området ligg på areal med furuskog, dels med fjell i dagen. Ingen kjente registreringar av truga eller sårbare artar i området.	Uttak av stein og drift av steinbrot i området, vil i liten grad medføre skadeverknadar for biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Området ligg på areal med furuskog av låg bonitet oppfor vegen, og middels bonitet nedfor vegen. Dels fjell i dagen. Arealet er ikkje kartlagd som dyrkbart.	Uttak av stein og drift av steinbrot i området, vil i liten grad medføre skadeverknadar for landbruket. Ved avslutning kan arealet påførast vekstlag og plantast med skog.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Lokaliteten ligg i ei langstrakt furuli, utan særskilde landskapsverdiar.	Steinbrotet vil medføre eit sår i landskapet, men området ligg ikkje særleg eksponert for innsyn. Skog bør setjast att som skjerming rundt uttaket.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Ved prøveuttak i 2017 er det lokalisert gode steinførekomstar eigna til muring. Ikkje grunnvassførekomstar.	Uttak vil medføre utnytting av en verdifull ressurs. Behov for stein blir i dag dekt ved levering frå brot utafor kommunen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Forureining, energi og klima	Uttaket vil ha positiv verknad med omsyn til energibruk og klima, da uttaket vil gje langt kortare transportavstandar. Behovet blir i dag transportert frå brot i andre kommunar/dels andre landsdelar.	Mindre transport vil vere gunstig for energibruk og klima. Uttaket vil medføre støy. Næraste bustad ligg kring 400 m unna, og hytte 300 m unna. Desse ligg lågare i terrenget, slik at dei i liten grad blir direkte og sterkt eksponert. Tungtrafikk på lokal veg kan medføre støy og støv, men få blir råka.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Ingen nærmiljøanlegg eller vanleg brukte turstiger i området.	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Teknisk infrastruktur	Området er utbygd med vegnett i dag	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Austre del av området ligg innafor areal som er omfatta av aktsemd for jord- og flaumskred (8 daa)	Vurdere skredfaren nærare ved regulering. Evt. trekke utnyttings-arealet vestover og setje att vegetasjonsbelte her.	Liten verdi (*) Lite negativt omfang (-) Liten negativ konsekvens
Trafikk-tryggleik	Auka tungtrafikk på lokal veg kan auke faren for trafikkuylkker.	Trafikken til og frå steinbrotet vil i liten grad gå nær busetnad, slik at risikoen for ulykker i liten grad aukar.	<i>Liten verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Det er stort behov for stein til muring, både i byggeverksemd, oppføring av gråsteinsmurar og murstein til sikringstiltak.	Det er positivt med utnytting av en verdifull ressurs.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tiltaket medfører at ein kan utnytte ein verdifull lokal ressurs, og at ein da slepp lange transportavstandar av stein frå andre stadar utafor kommunen/distriktet.

Uttaksområdet kan lett skjermast for innsyn. Det er forholdsvis lang avstand til nærmaste bustad/fritidsbustad (400 m og 300 m). Desse ligg lågare i terrenget, slik at dei i liten grad blir direkte og sterkt eksponert for støy. Uttaket medfører noko tungtrafikk etter Tundradalsvegen, men det er ikkje venta at det vil medføre auke i talet på trafikkuylkker.

Forhold kring støy og trafiksikkerheit for området, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.13.


Konklusjon:

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av uttaket, vil vera så stor at fordelane vil vera større enn ulempe. Saksbehandlar tilrår at områda BRU08 blir med i forslaget til ny kommuneplan med arealbruksformål «Område for råstoffutvinning - Framtidig». For å sikre ei forsvarleg gjennomføring av uttaket, vert det tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

2.16 BAS01: Flaumsikringsanlegg ved Bismo

Forslagsstillar:	Skjåk kommune
Gnr./bnr.	30/1, 34/4,8,10 og 27, 126/3,4,72,74,76,103,114,128,132,141,149 og 162, 126/4/1, 127/14
Dagens formål	Industri, Friområde, Samferdsel og Fritids-og turistformål.
Foreslått formål	Annan bygnad og anlegg - Flaumsikringstiltak
Areal	34,1 daa
Dyrka mark	4,4 daa (er allereie omdisponert for byggeformål i reguleringsplanar)

Forslaget omfattar areal for anlegg av flaumsikringstiltak langs Ottaelva ved Bismo i form av flaumvoll, plastring av elvebreidda og liknande. Flaumsikringstiltaka er ikkje prosjektert, og endeleg plassering av anlegga kan bli avvikande frå det som vist på plankartet (jf. utsnitt av plankartet under der arealet for flaumsikringsanlegga er vis med brun farge).



Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg langs elva. Generelt eit område med naturverdiar, men ingen kjente registreringar av truga eller sårbare artar.	Flaumsikringsanlegga, vil bli trekt inn frå elva der det er mogeleg, og vil ikkje medføre store skadeverknader.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	I følge markslagskart vert 4,4 daa dyrka jord, og 25 daa låg bonitet barskog bygd ned av flaumvoll.	Landbruksareal er allereie omdisponert og regulert for utbyggingsformål.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Generelt store landskapsverdiar langs elva som. Industri og bustadbygning og campingområde på nordsida av elva. Gardar og spreidd bustadbygning på sørsida. Frå dalbotnen skoglier opp mot høgfjell.	Bygging av flaumvoll vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje ha særleg store skadeverknadar for landskapet der den i hovudsak vil bli trekt inn frå elva.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens

Geologiske og hydrologiske ressursar	Bismo og området der flaumsikringa skal byggast, ligg på breelv-avsetningar og er kartlagt med store grusressursar og grunnvassressursar.	Arealet er nedbygd, og det er ikkje aktuelt å utnytte grusressursane. Grunnvassressursane blir nytta for vassforsyning til Bismo. Anlegg av flaumvoll vil ikkje påverke grunnvassressursen.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar i Askeladden. Eit kulturminne (fangstgrop) er vist i reg.plan for Blåbærmyre.	Truleg ingen verknadar, da status på fangstgropa som er vist i reg. plan er usikker da den ligg tett på regulert veg.	Liten verdi (*) <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Verdiar for folkehelse og miljø.	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Delar av arealet er regulert og bruka som friområde. Viktig og mykje brukt område for friluftsliv, for leik og for sportsfiske som ligg inntil sentrumsområdet på Bismo.	Flaumvoll gjennom friområde vil bli vegetasjonskledd og kan nyttast til friluftsliv og leik, slik at skadeverknadane er venta å bli små.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Ubetydeleg til lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Kommunalt vassverk og VA anlegg i området.	Flaumsikringsanlegga vil ikkje medføre skadeverknadar for vassverket og VA-anlegg.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Arealet er utsett for flaum frå Ottaelva. Det er utsett flaumsonekartlegging i 2019.	Anlegget vert bygd for å forhindre flaumskader på bustadbygning og industri, offentleg bygning og infrastruktur.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Svært stor positiv konsekvens
Trafikk-tryggleik	Delar av anlegget vil ligge inntil RV15 i området ved Skamsarbrue (truleg plastring av elvebreidda)	Anlegg vil ikkje påverke trafikktryggleiken utover anleggsperioden.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Anlegg av flaumsikringsanlegga vil ha stor verdi for sikring av materielle verdiar og skape trygghet for folk og samfunn.	Det vil bli meir attraktivt å bu og drive næringsverksemd i området.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Svært stor positiv konsekvens

Samla vurdering:


Bygging av flaumsikringsanlegga vil ha stor verdi for sikring av materielle verdiar og skape trygghet for folk og samfunn. Det vil ha få og små negative skadeverknadar for naturverdiar, landskap og friluftsliv.

Utforming av flaumvollen og handtering av overvatn må prosjekterast av fagkyndige.

Konklusjon:

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av anlegg av flaumsikringsanlegga som svært stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene. Det vert tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget.

2.17 BAS02: Skredvoll oppfor Hulderhaugen.

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	32/78 og 29/1	
Dagens formål (gjeldande KP)	Dels LNF, dels utbyggingsareal for bustadar	
Føreslege formål	Annan bygnad og anlegg - Skredvoll	
Areal	5,2 daa	
Dyrka mark	0 daa	
<p>Arealet var avsett for bygging av skredvoll for å sikre det planlagde bustadområdet i Hulderhaugen BB02. Kommunen eig om lag 3 daa av arealet.</p>		
<p>Kartutsnitt frå utkast til kommuneplanforslag 2020. Areal for bygging er avgrensa med blå strek.</p>		

Vurdering av konsekvens:

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området av truga/sårbare artar eller naturførekomstar.	Utbygging vil påverke naturverdiar og biologisk mangfald lite.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	I følgje AR5 er arealet skog av låg bonitet/uproduktiv skog.	Bygging av skredvoll gjer at arealet vil miste sin verdi for landbruksproduksjon.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	Arealet ligg skjerna, inn mot lisida og er lite eksponert.	Landskapsbiletet vil endre seg, men det vil vere lite merkbar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Kartlagt grusressursar/grunnvassressursar. Ingen grunnvassbrønner.	Ikkje aktuelt å utnytte grusressursen i eit sentrumsområde.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert to automatisk freda kulturminne kolgroper i/nær utbyggingsområdet.	Den eine kolgropa vil bli bygd ned. Den andre ligg litt unna, og vert ikkje råka.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Forureining, energi og klima	Verdiar for folkehelse og miljø.	Ingen verknadar.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Utbyggingsområdet er ikkje særleg nytta som leikeområde eller friluftsområde.	Utbygging har ubetydeleg verknad for friluftsliv.	<i>Liten verdi (-)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Teknisk infrastruktur	Ingen i utbyggingsområdet. Høgspenline går oppfor. Veg i vest.	Anlegg av skredvoll vil ikkje ha verknadar.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Samfunnstryggleik	Skredfarekartlegging utført av NGI i 1991, seier at arealet er omfatta av reell fare for steinsprang. Faresone for skred (H310_2) er ut frå denne teikna inn på plankartet.	Skredvollen vil bli bygd for å forhindre skredskader på planlagt bustadbygnad og infrastruktur. Utforming av sikringstiltak og handtering av overvatn må prosjekterast av fagkyndige.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Kommunal veg opp til anleggsområdet. 8 bustadhus langs vegen.	Anlegg av skredvoll vil ikkje påverke trafikk-tryggleiken utover anleggsperioden.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Nøytralt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Anlegg av skredvoll vil ha stor verdi for sikring av materielle verdiar og skape trygghet for folk og samfunn.	Anlegg av skredvoll er påkravd for utbygging av bustadområdet BB02.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Svært stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Anlegg av skredvoll vil ha stor verdi for sikring av materielle verdiar og skape trygghet for folk og samfunn. Nedbygging av eit kulturminne i form av ei kolgrop er negativt. Om skredvollen skal bli plassert der den er teikna inn på kartet, må ein søkje kulturminnemyndigheit om å få frigjeve kulturminnet. Det vil i fall truleg medføre kostnader og arbeid med nærare undersøking og utgraving av kulturminnet før utbygging. Det er registrert mange kolgroper i kommunen og nabokommunane, slik at tapet av gropa truleg kan bli akseptert. Alternativ må ein endre plasseringa av vollen slik at den kjem utanom kulturminnet. Bygging av vollen vil elles ha få og små negative skadeverknadar for naturverdiar, landskap og friluftsliv.

Utforming og plassering av skredvollen og handtering av overvatn må bli fastsett og prosjektert av fagkyndige.

Konklusjon:

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av anlegg av skredvoll for å sikre det planlagde bustadfeltet som svært stor. Fordelane vil vera klart større enn ulempene. Det vert tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget.

2.17 KBA01: Marlo skule - kombinert byggeformål bustad/kontor/forretning

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	57/1/1 og 57/17	
Dagens formål	Offentleg eller privat tenesteyting	
Foreslått formål	Kombinert byggeformål bustad/kontor/forretning - Framtidig	
Areal	7,2 daa	
Dyrka mark	0	
<p>Marlo skule vart lagt ned i 2018, og kommunen ønskjer å selje. For at kjøparar skal ha ein viss valfridom, ynskjer ein å avsette området til kombinert formål bustad/kontor/forretning. Det blir sett krav om utarbeiding/ revisjon av reguleringsplan før utbygging.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Ingen registreringer i området	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Jord- og skogbruk	Ingen verdi.	Ingen verknadar.	Utan verdi (0) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Skulebygninga ligg rett oppfor prestegarden. Sammen med grendahuset har dette vore ein samlingsstad for grenda. Den eldste skulebygninga sto der grendahuset er i dag, og noverande skulebygning vart ferdigstilt på 1930-talet. Generelt store landskapsverdiar i dette området.	Endring av arealbruk vil kunne medføre bygningsendringar, påbyggingar og tilbygg. Så lenge byggetiltak tilpassar seg omgjevande bygnad og lokal byggeskikk, reknar ein ikkje at planendringa vil ha skadeverknadar for kulturlandskapet.	Middels verdi (++) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Ikkje kartlagt grusressursar/grunnvassressursar i NGUs database.	Ikkje aktuelt å utnytte grusressursen midt i sentrumsområdet.	Middels verdi (**) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Ikkje registrert verneverdige kulturminne eller kulturmiljø innan KBA01.	Ingen verknadar.	<i>Utan verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	God energiøkonomi i å nytte eksisterande bygningsmasse. Området er tilknytt kommunalt VA-anlegg. Sentralt plassert i grenda.	Etablering av arbeidsplassar og nye bustadar 7,8 km frå kommunesenteret og viktige samfunnsfunksjonar, vil medføre auka transport.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Ubetydeleg konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn/unge	Opparbeid leikeområde ved skulebygninga, og opparbeidd fotballbane og ballbinge aust i området (på GID 57/17).	Ikkje opparbeid andre offentlege friareal/ leikeplassar/ ballplassar i grenda. Bør vurdere om det er tenleg å selje/ omdisponere/ privatisere friareal, især ballplassen i aust (GID 57/17)	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Middels negativ konsekvens
Teknisk infrastruktur	Infrastruktur utbygd frå tidlegare, ma. med kommunalt VA-anlegg og overvassanlegg. Bekk i aust lagt i røyr under fotballbana i aust.	Eksisterande infrastruktur og anlegg kan nyttast, og gjer omdisponering/ utbygging enklare og rimelegare.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Samfunnstryggleik	Den austlege delen av området er kartlagt som utsett for flaumskred i faresonekartlegginga i regi av NVE i 2017-18.	Truleg kostbart å gjere flaumsikrings tiltak for å frigjere den austlege delen av areal for utbygging. Bør vurdere å oppretthalde bruken som friareal på denne delen, evt. berre tillate byggetiltak som ikkje medfører permanent opphald.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels negativt omfang (--)</i> Middels negativ konsekvens
Trafikktryggleik	Det er liten trafikk på fylkesvegen. Fartsgrensa er 40 km/t og det er bygd fartsreducerande felt. Opparbeid busslomme/haldeplass.	Området er lokalisert trygt i forhold til trafikktryggleik.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Noko usikkerheit til om kor attraktivt det er å etablere bustadar, forretningar og kontor så langt frå bygdasenteret.	Eksisterande infrastruktur kan nyttast, og gjer omdisponering/ utbygging enklare og rimelegare.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Tabellen over viser at utlegging av kombinert byggeareal for bustad/kontor/forretninger på den nedlagte Marlo skule er vurdert å ha *Stor positiv konsekvens* på punkta «Teknisk infrastruktur», «Trafikktryggleik» og «Attraktivitet og kvalitet».

Den austlege delen av området er kartlagt som utsett for flaumskred i faresonekartlegginga i regi av NVE i 2017-18, langs trase der bekk er lagt i røyr under fotballbanen. Dette gjev seg utslag i *Middels negativ konsekvens* på punktet «Samfunnstryggleik». Truleg kostbart å gjere flaumsikringstiltak for å frigjere den austlege delen av areal for utbygging. Ein bør vurdere om det er tenleg å ta ut denne delen ved sal av skulen og oppretthalde bruken som offentleg friareal for grenda (ballplass og ballbinge).

Forhold kring fare for flaumskred og flaum i området, er utgreidd i ROS-analysen kap. 4.14.


Konklusjon:

Det vil vere positivt for grenda at skulebygninga og areal i tilknytning til denne vert nytta til andre føremål da skulen er permanent nedlagt.

Saksbehandlar tilrår at området KAB01 blir lagt ut med arealbruksformål «Kombinert byggeområde for bustad/kontor/forretning - Framtidig» i kommuneplanens arealdel. Ein bør vurdere å ta ut den austlege delen frå byggeområdet, og oppretthalde bruken her som offentleg friareal for grenda (ballplass og ballbinge).

Det blir sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før omdisponering/utbygging.

2.18 GSV1: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Vollungsbrui til Brukrokan (0,7 km)

Forslagsstillar:	Skjåk kommune	
Gnr./bnr.	23/3, 23/10, 23/16, 36/3 og 44/2	
Dagens formål	LNf og samferdsel.	
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig	
Areal	2,2 daa	
Dyrka mark	0,9 daa	
<p>Forslaget omfattar om lag 0,7 km ny gang- og sykkelveg (GSV) langs RV15 frå riksvegbrua nye Vollungsbrui austtil kryss mot den kommunale vegen Brukrokan. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2503/2225 kjøretøy, der 17 % er lange kjøretøy. Fartsgrense er 80 km/t. Oppgjeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggest til offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.</p>		

Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg inntil RV15. Ingen kjente registreringar av truga eller sårbare artar på det råka arealet.	Anlegg av GSV, vil i liten grad medføre skadeverknadar for biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Jord- og skogbruk	Areal som er rekna og måtte leggest til offentleg veggrunn for å bygge ny GSV omfattar 0,8 daa dyrka mark, 0,6 daa produktiv skogsmark og 0,7 daa anna areal/impediment. 0,9 daa av udyrka areal, er kartlagd som dyrkbart.	Utbygginga vil føre til at eit mindre dyrka areal vil gå ut av produksjon. Den vil ikkje føre til ulemper i form av dårlegare arrondering eller problem med tilkomst til dyrkamarka. Skog som blir råka er av liten produksjonsverdi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Landskap	GSV vil gå langs RV15 som går midt i den breie dalbotnen parallelt med elva og omkransa av gardar og spreidd bustadbygning. Frå dalbotnen strekk skogkledde lier seg opp mot høgfjellet.	GSV vil medføre eit inngrep i landskapet, men som ikkje ha særleg store verknadar for landskapet der den vil ligge inntil riksvegen.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> Liten negativ konsekvens
Geologiske og hydrologiske ressursar	Ikkje registrerte geologiske ressursar eller grunnvassførekomstar.	Tiltaket vil ikkje råke geologiske ressursar/ grunnvassressursar.	<i>Ingen verdi (0)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens

Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar.	Ingen verknadar.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Forureining, energi og klima	Verdiar for folkehelse og miljø.	At fleire vil gå og sykle, slik at det vi vere gunstig for energibruk og klima og bidra til mindre trafikkstøy.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge	Gang- og sykkelveg har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn- og unge, og vil vere positivt for nærmiljø og folkehelse.	At fleire vil gå og sykle, vil vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og støyforhold.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Middels positivt omfang (++)</i> Middels positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur	Bustadar i området er knytt til kommunalt VA-nett.	Truleg ingen verknadar for denne strekninga.	Liten verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Samfunns-tryggleik	Strekninga er ikkje flaumutsett eller utsett for skredfare. Arealet ligg i sone med trafikkstøy.	Anlegget vil ikkje føre til ein auka faresituasjon eller auka støybelastning.	Middels verdi (*) Nøytralt omfang (0) Ubetydeleg konsekvens
Trafikk-tryggleik	Gang- og sykkelveg har stor verdi for trygg ferdsel for gåande og syklende. Det er registrert 5 ulykker med lettare personskade på strekninga (bilar).	Anlegg av gang- og sykkelveg vil ha stor positiv verdi for trafikktryggleiken.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens
Attraktivitet og kvalitet	Gang- og sykkelveg vil ha positiv verdi for bumiljø og nærmiljø.	Det vil bli meir attraktivt å bu i området.	<i>Stor verdi (***)</i> <i>Stort positivt omfang (+++)</i> Stor positiv konsekvens

Samla vurdering:

Anlegg av gang- og sykkelveg vil vere eit vesentleg bidrag for å betre trafikktryggleiken på strekninga. RV15 har ein årsdøgn-trafikk på 2503 kjøretøy på strekninga aust til Lundavegen og 2225 kjøretøy vidare austover til Brukrokkan (tal for 2018). Andelen lange kjøretøy er oppgjeve til 17%. Fartsgrense er 80 km/t.

GSV vil venteleg medføre at fleire vil gå og sykle, og det vi vere gunstig for folkehelse, nærmiljø og bumiljø.

Anlegget vil medføre nedbygging av eit mindre areal dyrka mark og dyrkbar mark, men det vil ikkje medføre dårlegare arrondering og tilkomst til jorda. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som små.


Konklusjon:

Kommunen vurderer at samfunnsverdien av bygging av gang- og sykkelveg på strekninga er stor. Fordelane vil vera større enn ulempene. Saksbehandlar tilrår bygging av gang- og sykkelveg på strekninga. Det vert det tilrådd å setje krav om utarbeiding av reguleringsplan for anlegget.

2.19 GSV2: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Brukrokan til Marlosgeilen (3,0 km)

Forslagsstillar:	Skjåk kommune
Gnr./bnr.	17/1 og 9, 18/1,2,3 og 4, 19/1 og 2, 20/2, 21/1, 22/1 og 6, 23/1,2,3,7,10,16,18,20 og 30
Dagens formål	LNF, samferdsel og bustadeigedomar (3).
Foreslått formål	Gang- og sykkelveg: Samferdselsformål framtidig
Areal	17,7 daa
Dyrka mark	13,5 daa

Forslaget omfattar om lag 3,0 km ny gang- og sykkelveg (GSV) langs RV15 frå Brukrokan til Marlosgeilen. RV15 har på strekninga ein årsdøgn-trafikk på 2225 kjøretøy, der 17 % er lange kjøretøy. Fartsgrense er dels 80 km/t, dels 60 km/t. Oppgeve areal omfattar omtrentleg areal som må leggst til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV.



Vurdering av konsekvens

Tema	Verdiomtale	Omfang (effekt)	Verdi/Omfang/Konsekvens
Naturmiljø og naturmangfald	Arealet ligg inntil RV15. Ingen kjente registreringer av truga eller sårbare artar.	Tiltaket vil ha små skadeverknadar for biologisk mangfald.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> <i>Liten negativ konsekvens</i>
Jord- og skogbruk	Areal som er rekna og måtte leggst til eksisterande offentleg veggrunn for å bygge ny GSV omfattar 13,5 daa dyrka mark, 2,4 da produktiv skogsmark og 1,8 daa anna areal/impediment.	Utbygginga vil føre til at 13,5 daa dyrka areal går ut av produksjon, men ikkje føre til ulemper i form av dårlegare arrondering eller tilkomst til dyrkamarka. Skog som blir råka er av liten produksjonsverdi.	<i>Middels verdi (**)</i> <i>Lite negativt omfang (-)</i> <i>Liten negativ konsekvens</i>
GSV2	Langs RV15: Brukrokan S - kryss Marlogeilen S (3,0 km)	Gang- og sykkelveg	17,7	13,5	0,0	2,4	1,8	0,0
GSV3	Langs RV15: Kryss Marlosgeilen S - Lom grense (5,2 km)	Gang- og sykkelveg	29,2	17,5	3,0	0,6	8,1	2,7
GSV4	Langs FV2646: Nye Vollungsbrui N - eksisterande GSV til Aurmoen (0,6 km)	Gang- og sykkelveg	3,7	1,0	0,0	0,9	1,8	0,0
GSV5	Langs Brukrokan (0,2 km)	Gang- og sykkelveg	0,5	0,0	0,0	0,0	0,5	0,0
GSV6	Langs FV2650: Skamsarbrue - Bokkoden bru (2,5 km)	Gang- og sykkelveg	15,9	6,6	0,6	1,8	6,9	1,9
GSV7	Langs FV2650: Dønfoss camping (0,5 km)	Gang- og sykkelveg	1,5	0,0	0,0	1,5	0,0	0,0
GSV8	Langs FV2648: Skamsar-brue aust (0,2 km)	Gang- og sykkelveg	0,4	0,1	0,0	0,2	0,1	0,0
Veg1	Tilkomstveg BN02	Kjøreveg	3,8	0,0	0,0	3,0	0,8	0,0
Totalt			74,9	39,6	3,6	11,0	20,7	5,5

4. Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget.

Samla konsekvensutgreiinga for kommuneplanens arealdel er ei overordna omtale av planframlegget sine konsekvensar for miljø og samfunn når det gjeld arealformål og utredningstema. Samla verknader av planforslaget er det «avtrykket» forslaga til endra arealbruk i planforslaget sett for relevante miljø- og samfunnsforhold. Tema som er omtalt er dei same som er i KU-skjema for dei enkelte områda.

4.1 Naturmiljø og naturmangfald - vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

Når det gjeld den samla verknaden av planforslaget for naturmiljø og naturmangfald, er omsynet til villrein og villreinens leveområde et sentralt tema å vurdere i forhold kommuneplanforslaget. Planlagde utbyggingsområder for fritidsbustadar i Måsåbakk (BF01 og BF02) og ved skianlegget på Grotli (BF03), ligg nær det som i regional plan for Ottadalsområdet er kartfesta som nasjonalt villreinområde (A) eller randområde til dette (B). Øvre avgrensing av utbyggingsområda ligg om lag 100-200 m nedfor grensa som er trekt for villreinområdet. Utbyggingsområda ligg i område som i planen er kalla for "Fjord og fjellbygder" (C). I regional plan er det skriva at område Grotli - Breiddalen er eit område som villreinen i dag brukar hovudsakleg i sommararbeiteperioden frå april til slutten av oktober. Enkelte år er det også kalving nær vegen i Breiddalen mot Langvasskrysset. Området er også viktig som ein korridor for utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet.

Det er i første rekkje den auka trafikken ei hyttebygging kan medføre inn i villreinområde, som kan gi skadeverknadar. Reinen treng store areal, og areal som har ulike funksjoner, og vert den mykje uroa vil dyra bruke mye energi på å springe unna. Det kan gå ut over kondisjonen på dyra, og i verste fall gjere at reinen vert fordrivi eller sluttar å bruke viktige areal. Hindrast utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet, kan det på lang sikt kunne få genetiske verknadar.

Nå er det ikkje grunn til å tru at den forholdsvis avgrensa hyttebygginga ein legg opp til, vil ha store skadeverknadar. Utbyggingsområda ligg i område som i den regionale planen er kalla for "Fjord og fjellbygder" (C), der det ikkje er sett direkte restriksjonar for utvikling av reiselivet og bygging av fritidsbustadar. Ved bygging er intensjonen å etablere stig- og løypenett ut frå området som leiar hyttefolket utanom leveområde for villrein. Folk krev i større grad tilrettelegging av turløyper og skiløyper enn tidlegare, slik at det er enklare enn før å styre trafikken. Trafikk av hyttefolk, vil truleg i sommarhavåret vere konsentrert til stig- og turvegnett i nærområdet og langs vassdraget. Om vinteren vil trafikken vere konsentrert rundt alpinanlegga og til maskinpreparerte skiløyper. Det er også DNT-merka stigar til turisthyttar i området, og kvista løyper inn til desse på vinteren. Trafikken til turisthyttene (sjølvbetente) vil truleg ikkje auke noko vesentleg ved auka bygging av fritidsbustadar. Det mest besøkte toppturnålet i området er Skridulaupen på sørsida av dalen, men også andre toppar i området vert besøkt. Toppturskiløyping har vorte meir utbreidd dei siste åra, og kan vere eit aukande problem i forhold til å ta vare på villreinstamma.

Naturmangfaldslova (nml) krev vurderingar av tiltaka etter §§ 8-12 i lova.

Det skal skje ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget i samsvar med § 8 i nml.

Kunnskapsgrunnlaget knytt til villreinverdiar og bruk av området, baserar seg på

registreringar i tematiske kart, kart og anna materiale innhenta i regional plan for Ottadalen, samt lokalkunnskap. Rapport 01/12 "Bruk og brukere i Reinheimen sommeren 2011" frå Fylkesmannen i Oppland, tek for seg folks bruk av området, med besøkstal og tal på overnattingar på turisthyttene i området. Ein vurderer den eksisterande kunnskapen til å vere tilfredsstillande i forhold til dei vurderingane ein skal gjere i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Føre-var-prinsippet jf. § 9 i nml skal nyttast når man ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap til å vite kva verknader ei avgjerd vil ha for naturmangfaldet. Villreinverdiane er godt dokumenterte. Men betraktningane vedr. trafikkauke av folk inn i villreinområdet dei nye byggeområda for fritidsbustadar vil kunne utløyse, er ikkje like godt underbygde av vitskapelege undersøkingar. Føresegnene til planen, legg opp til at det må utarbeidast reguleringsplanar for utbyggingsområda for fritidsbustadar før utbygging. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram ved utarbeiding av planprogram i samband med reguleringsplanarbeida. I arbeidet med reguleringsplanane må ein også kome med løysingar for å kanalisere ferdsla i området. Ein vurderer den eksisterande kunnskapen om området som tilfredsstillande for kommuneplanarbeidet, slik at føre-var-prinsippet ikkje trer inn for her å utsette eller unnlata å gjere vedtak i saka.

§ 10 i nml set krav om økosystemtilnærming og vurdering av samla belastning. Det er den samla belastninga hyttebygginga og all menneskeleg aktivitet og trafikk i områda, som er det sentrale i forhold til å vurdere eventuelle skadeverknadar for villreinen. I regional plan, er det gjort ei vurdering dei ulike områda i Ottadalen og villreinens bruk av desse. Det er sett opp retningsliner for bruken, noko som vel er gjort ut frå vurderingar av samla belastning i forhold til villreinstammen. I område C «Fjord og fjellbygder» er det ikkje gjeve særskilte retningsliner eller sett restriksjonar i planen, og det blir opna for eit visst utviklingsrom for reiselivet i området. Ein vurderer at den utbygginga av fritidsbustadar som ein her legg opp til, ligg innafor dette utviklingsrommet.

Ut frå §12 i nml skal ein mellom anna vurdere alternativ lokalisering, dersom det er konfliktpunkter i forhold til naturverdiar. Området Billingen-Grotli er satsingsområde for hyttebygging i Skjåk. Her er det alt på plass infrastruktur som stig- og løypenett, skianlegg, hotell, kommunaltekniske anlegg osv. Kommunen har hatt ein bevisst politikk og dermed unngått storstilt hyttebygging i andre område av kommunen. Frå kommunen vurderer ein at det er rett å konsentrere hyttebygginga til dette område, da det også vil vere vanskeleg å finne andre lokaliseringar i Skjåk som er eigna og som ikkje vil vere i konflikt med villreinstammen.

Ei samla vurdering av konsekvensar for villrein av kommuneplanforslaget, er ikkje heilt eintydig. Det er vanskeleg å heilt utelukke at utbyggingsplanane for fritidsbustadar i områda BF01, BF02 og BF03 vil ha noko negativ påverknad på villreinen – da sett i samband med alle andre inngrep i området og stor menneskeleg aktivitet og trafikk.

Dei planlagde utbyggingsområda i Måsåbakk (BF01 og BF02), er også viktige biotopar for anna hjortevilt især i sommarhalvåret. Områda er også mye brukt som husdyrbeite, enn noko avtagande. Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld vilt er her av lokal art, men jakttradisjonane i fjellbygda er lange, slik at dette kunnskapsgrunnlaget er godt. Konflikten med naturverdiane

er her meir openbar, da hyttebygginga vil legge fysisk beslag på ein del av leveområde for elg og hjort.

Kommuneplanforslaget inneheld fleire tiltak knytt til massetak i elv, da som ledd i arbeidet for førebygging av flaumskadar. Nokre av uttaka skal skje i dei nedre delar av dei verna vassdraga Skjøle, Tundri og Ostre (BRU01, BRU02, BRU05 og BRU06), og ligg inne som tiltak i regional plan for Gudbrandsdalslågen med sideelvar. Elvane er varig verna mot kraftutbygging, og for verna vassdrag ligg det sentrale føringar om at ein skal legge vekt på å ta særleg vare på naturverdiar knytt til vassdraga. Dei aktuelle elvestrekningane står i dag fram som område med reduserte naturverdiar. Storflaumen hausten 2018 og den maskinelle reinsk av elvelaupet som har skjedd etter denne i regi av NVE, har ført til store endringar av dei økologiske forholda og mellom anna til øydelegging av gyteplassar og leveområde for fisk. For dei massetaka som ligg inne i den regionale vassdragsplanen, vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som godt nok for dette plannivået, og finn ikkje at føre-var-prinsippet slår inn på ein slik måte at områda ikkje kan leggst inn som uttaksområde i kommuneplanen. Ein vurderer at grunnlaget er godt nok for å vurdere at den av samla belastning på naturmiljø og naturmangfald er på eit akseptabelt nivå når det gjeld desse uttaka vurdert opp mot samfunnsverdien ein kan oppnå ved auka trygggleik i forhold til flaumfaren. Kommuneplanforslaget set også krav om utarbeiding av reguleringsplan for uttaka, slik at dette opnar for å evt. gjere vidare utgreingar i forhold til naturverdiar.

Kommuneplanforslaget opnar også for massetak i Ottaelva ved Storøya og ved gamle Vollungsbrua (BRU03 og BRU04), også det som ledd i arbeidet med førebygging av flaumskadar. Her har store mengder grus og steinmassar blitt avlagt i elvelaupet etter flaumen hausten 2018. Mengdene masse er så store, at dei dels ligg over vanleg vasstand. Massane snevrar inn elvelaupet, og det gjer campingområdet på Storøya og infrastruktur og bustadar nedst i Aurmoen utsette for flaum og erosjon. Ved gamle Vollungsbrua medfører stein og grusmassane som er avlagt, endring av straumforholda, og brua meir utsett for erosjonsskadar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for uttaka. Ein har også her ei klar oppfatning om at flaumen hausten 2018, har ført til så store skadeverknadar for fisk, vassflora og vassfauna, at styrte uttak ikkje vil medføre større skader på naturverdiar og naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget kan her seiast å vere mangelfullt, og krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram ved utarbeiding av planprogram i samband med reguleringsplanarbeida. Ein finn at likevel at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet ikkje slår inn på dette plannivået. Ein meiner derfor at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge områda inn i kommuneplanens arealdel, det også sett på bakgrunn av at så store samfunnsverdiar her står på spel.

For området for masselagring og grusproduksjon vest for Tundre (BRU07) og for området for steintak i Heggerusti (BRU08), er det ikkje påvist truga eller sårbare artar eller særlege naturverdiar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for uttaka. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeida. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge områda inn i kommuneplanens arealdel.

Området for bygging av flaumverk/flaumvoll i Bismo ligg nært elva. I KU-vurderinga av området er naturverdiane sett til middels verdi. Flaumsikringsanlegga, vil bli trekt inn frå elva der det er mogeleg, noko som venteleg vil redusere skadeverknader i forhold til naturmiljøet. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeidet. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge området inn i kommuneplanens arealdel - også her sett på bakgrunn av at så store samfunnsverdiar står på spel.

For dei to områda som er sett av for bustadbygging (BB01 og BB02), kombinert område for utbygging av bustadar/fritidsbustadar (BBF01), området for bygging av skredvoll oppfor Hulderhaugen (BAS02), og områda for næringsutbygging (BN01 - BN08), er det ikkje påvist truga eller sårbare artar eller særlege naturverdiar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaka. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeida. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge områda inn i kommuneplanens arealdel.

Areala som er omfatta av forslaga for bygging av gang- og sykkelveggar i planen (GSV1 – GSV8), ligg inntil riksveg og fylkesveg, og det er ikkje påvist særlege naturverdiar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaka. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeida. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge traseane for gang- og sykkelvegane inn i kommuneplanens arealdel.

Langs traseen for forslaget om vegomlegging og opprusting/bygging av veg til evt. nytt næringsområde aust for Lundahaugan (Veg1), er det ikkje påvist særlege naturverdiar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket. Krav om vidare undersøkingar kan evt. bli sett fram i samband med reguleringsplanarbeidet. Ein finn at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til at føre-var-prinsippet i nml ikkje slår inn på dette plannivået, og at grunnlaget er godt nok i forhold til å legge vegtraseen inn i forslaget til kommuneplanens arealdel.

Ei samla vurdering av verknadar for naturmiljø og naturmangfald for alle utbyggingstiltak er ganske komplisert. Ved vurderinga av mogelege utbyggingsområde, er det tatt omsyn til områda sin verdi for dyre- og planteartar. Kommunen har store utmarksområde, og leve- og beiteområda som er kartlagde for ulike viltartar dekkjer store delar av desse. Mellom anna er det sett av store areal som nasjonalt villreinområde med randsoner, og der det er gjeve restriksjonar i den regionale planen. Heile 79 % av arealet i kommunen er underlagt vern i medhald av naturmangfaldslova. Ved avsetting av nye utbyggingsområde har ein i størst mogeleg grad styrt unna verdifulle område.

Ei oppsummering av dei vurderingar som er gjort av utbyggingsområda i forhold til naturmangfaldlova §§ 8 -12 om *kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning*, er at kommunen meiner at krava som er sett i lova å vere er oppfylt for dette plannivået. Ei samla vurdering er at ein gjennom

kommuneplanforslaget, ikkje legg opp til ei utbygging som i vesentlig grad går ut over naturmangfaldet og som ikkje gjev ei for stor samla belastning.

4.2 Jord og skogbruk.

Kommunen forsøker så langt det er mogeleg å følgje opp dei nasjonale målsettingane og legg opp til en restriktiv haldning til nedbygging av dyrka jord, dyrkbar jord og skogsareal av god bonitet. Arealrekneskapen viser at totalt 94,6 dekar dyrka mark, 3,6 dekar innmarksbeite og 33,5 dekar dyrkbar mark, er omfatta av dei ulike utbyggingstiltaka. Produktiv skog som blir råka er all hovudsak skog av låg bonitet.

Størst fokus når det gjeld nedbygging av dyrka mark er sett på utlegginga av bustadområde på Hulderhaugen som legg beslag på 50,7 dekar dyrka mark. Arealet har ligge inne som utbyggingsareal for bustadar i kommuneplanens arealdel sidan 2006. Fylkeslandbruksstyret aksepterte da at kommunen la ut arealet til bustadområde under føresetnad om at det vert ein høg utnyttingsgrad på areala, og at kommunen tek i bruk allereie regulert areal før dei i nokon vesentleg grad tek til på utbygging av Huldrehaugen. Ved revisjon av kommuneplanen i 2011 vart arealet vidareført som utbyggingsområde for bustadar, og det vidareførast altså også no ved denne revisjonen.

Når det gjeld beslag på dyrka mark elles er det forslaga om utbygging av gang- og sykkelveggar som legg størst beslag på dyrka mark samla 39,6 dekar. Planforslaget omfattar i alt bygging av 12,9 km gang- og sykkelveg. Areal som blir råka ligg inntil eksisterande riks- og fylkesveg, og omfattar berre smale striper med dyrka jord nedst på jordet til den enkelte gard. Ingen gardsbruk mistar store arealressursar som følgje av forslaga, og anlegga vil i svært liten grad medføre dårlegare arrondering og tilkomst til jorda. Ein reknar derfor skadeverknadane for landbruket som akseptable vurdert i forhold til det ein oppnår med betringa av trafikktryggleiken.

Den samla verknad av dei foreslegne byggeområda med omsyn til nedbygging av landbruksareal, vurderast av kommunen til å være av moderat omfang og til i liten grad å medføre skader og ulemper for landbruksnæringa. Kommunen vil dessutan vektlegge at landbrukets produksjonsressursar og naturressursar, er lagt ut som LNFR-område (landbruks-, natur og friluftsområde) på plankartet, og at bruken av desse areala er sikra gjennom føresegnene til planen.

4.3 Landskap.

Når det gjeld den samla verknaden av planforslaget for landskapet, er det forslaga ei om utbyggingsområder for fritidsbustadar i Måsåbakk (BF01 og BF02) og ved skianlegget på Grotli (BF03), som peikar seg klårast ut. Områda ligg i område med store landskapsverdiar. Områda ligg eksponert og utbygginga vil medføre landskapsendringar som dels vil vere eksponert frå områda omkring og godt synlege frå RV15.

Dei to områda som er sett av for bustadbygging i planen (BB01 og BB02) og for anlegg av skredvoll oppfor BB02 (BAS02), er vurdert til å ha små landskapsverdiar. Byggeområda ligg

heilt eller delvis inntil allereie utbygde område i Bismo, og ligg ikkje særleg eksponert, slik at evt. skadeverknadar i forhold til landskapsbiletet er vurdert som små.

Dei områda som er sett av for næringsutbygging i planen (BN01 - BN08) og kombinert byggområde for bustadar/fritidsbustadar (BBF01), er vurdert til å ha små eller middels landskapsverdiar. Byggeområda ligg for det meste forholdsvis skjerna og ikkje særleg eksponert i landskapet, slik at evt. skadeverknadar i forhold til landskapsbiletet er vurdert som små eller moderate.

Område for bygging av flaumverk/flomvoll i Bismo (BAS01) ligg langs elva i eit område med generelt store landskapsverdiar. Anlegget vil medføre eit inngrep i landskapet, men som er vurdert til å ikkje ha særleg store skadeverknadar for landskapet. Flaumvollen vil i hovudsak vil bli trekt inn frå elva, og når det gror til med vegetasjon på vollen, vurderer ein at vollen bli lite dominerande i landskapet.

Massetaka i Skjøle, Tundri og Ostre (BRU01, BRU02, BRU05 og BRU06), og som ligg inne som tiltak i regional plan for Gudbrandsdalslågen med sideelvar, skal skje på areal som i hovudsak ligg under vatn i flaumperiodar. Det er ikkje venta at uttaka vil vere vesentleg til skade for landskapsbiletet.

Kommuneplanforslaget opnar også for massetak i Ottaelva ved Storøya og ved gamle Vollungsbrua (BRU03 og BRU04) som ledd i arbeidet for førebygging av flaumskadar. Dette er i eit område som er vurdert i KU til å ha store landskapsverdiar. Det er planar om å ta ut noko av dei store mengdene med grus og steinmassar som har blitt avlagt i elvelaupet etter flaumen hausten 2018. Mengdene masse er så store, at dei dels ligg over vanleg vasstand. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for uttaka. Det er venta at styrte uttak av masse i desse områda, vil ha små negative verknader for landskapsbiletet - det også vurdert på bakgrunn av at så store samfunnsverdiar her står på spel.

Området for masselagring og grusproduksjon vest for Tundre (BRU07) og området for steintak i Heggerusti (BRU08), ligg begge ganske skjerna. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for uttaka. Uheldig påverknad på landskapsbiletet kan her i vesentleg grad reduserast gjennom god detaljplanlegging og gode reguleringsføresegner.

Areal som er omfatta av forslaga for bygging av gang- og sykkelveg i planen (GSV1 til GSV8), ligg inntil riksveg og fylkesveg. Det er ikkje venta at bygging av gang- og sykkelveg vil medføre særleg meir synlege inngrep i landskapet for dei aktuelle strekningane, enn veganlegga som ligg der i dag.

Den planlagde vegomlegging og opprusting/bygging av veg til evt. nytt næringsområde aust for Lundahaugan (Veg1), er ikkje å forventa å ha særlege skadeverknadar for landskapsbiletet. Mykje av traseen vil følgje eksisterande veg. Det er i første rekkje vegomlegginga ved grendahuset som vil bli merkbar, og her kan tiltaket snarare bidra til betre løysingar. Kommuneplanforslaget set krav om utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket.

Den samla verknad av kommuneplanforslaget med omsyn synlege og uheldige landskapsinngrep, vurderast av kommunen til å vere av akseptabelt omfang.

I vurdering av nye område, har en lagt vekt på at areala helst bør ligge inn mot tidligere bygde område, og slik at en i minst mulig grad bryter opp landskapsbiletet. Uheldig påverknad på landskapsbiletet kan i vesentleg grad reduserast gjennom god detaljplanlegging og reguleringsføresegner, og det er viktig at dette vektleggast især for dei mest utsette områda, dvs. i dei områda som er planlagt med ny hyttebygging i Måsåbakkan (BF01 og BF02) og ved skianlegget på Grotli (BF03).

4.4 Geologiske og hydrologiske ressursar.

Mange av dei nye tiltaka i planforslaget dreiar seg om massetak, i første rekkje for å oppnå sikring mot elveflaum og erosjon (BRU01-BRU06). Ein positiv sideverknad av det, er at ein får tilgang på verdifulle massar som kan brukast som byggeråstoff, til vegbygging og vegstell mm. Problemet i Skjåk, er vel da snarare at ein må ta ut slike mengder masse at det langt overstig det lokale behovet på uttakstidspunktet eller i nær framtid, slik at massane må deponerast på ein eller annan måte.

Ei eventuell etablering av steintak i område BR08 i Heggerusten, vil medføre utnytting av en verdifull geologisk ressurs. Behov for murarstein til bygg og anlegg, blir i dag dekt ved levering frå brot utafor kommunen. Det er også stort behov for stein som kan nyttast for muring og plastring i samband med flaumsikringstiltak.

Mykje av bygnaden i kommunen konsentrert til grusvifter i form av breelv- eller elveavsetningar, som til dømes på Bismo og i Aurmoen. Her ligg det verdifulle geologiske og hydrologiske ressursar. Dei hydrologiske ressursane i form av grunnvassressursar blir utnytta til drikkevassforsyning og produksjonsvatn. Desse må vernast om, og det er teke inn reglar om vern av slike grunnvassressursar i planføresegnene, og i form av sikringssoner som er vist i plankartet. Bygnaden i sentrumsområdet på Bismo og i grendesentra, gjer det ikkje aktuelt å utnytte dei geologiske ressursane her til grusuttak.

Nedre del av område BF01 i Måsåbakkan er registrert med grusressursar. Det er lite truleg at det kan bli gjeve løyve til å utnytte grusressursen for grusproduksjon i noko særleg omfang her, med lokaliseringa området har både med omsyn til landskap og til miljø.

I område som er føreslege som område for næringsutbygging i Lund (BN01) er det kartlagt store grusressursar og grunnvassressursar. Ei næringsutbygging her vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursar, men slik utnytting er truleg mindre sannsynleg likevel pga. vassvegar, freda kulturminne og kartlegginga av dyrkbar jord i området.

I område som er føreslege som område for næringsutbygging aust og sør for Lundahaugan (BN02 og BN08) er det kartlagt store grusressursar og grunnvassressursar. Grunnvassressursane kan bli utnytta ved ein næringsutbygging, men næringsutbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursar. I område BN02 som ligg nær inntil Skjøle, er det tvilsamt å tillate grusuttak i alle høve, da det vil medføre auka fare for erosjon og flaum.

I område som er føreslege som område for næringsutbygging BN06 og BN07 inntil det regulerte næringsområdet på Tundramoen, er det kartlagt store grusressursar og grunnvassressursar. Ei utbygging vil hindre evt. framtidig utnytting av grusressursane, men slik utnytting er i også konflikt med freda kulturminne og allereie etablert verksemd i området. Her ligg det til rette for at grunnvassressursane kan bli utnytta ved ein næringsutbygging, samstundes som at det også kan bli utgreidd om grusførekomstane kan

vere eigna for infiltrasjon og reinsing av avlaupsvatn som alternativ til lang framføring av leidningar og evt, kostbar kapasitetsauke ved eksisterande reinseanlegg ved Dønfoss.

Kommunen vurderer den samla verknad av kommuneplanforslaget med omsyn til utnytting eller ivaretaking av geologisk og hydrologiske ressursar, som positiv.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø.

Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Andre viktige kulturminne er lagt inn på kartet med omsynssone bevaring kulturmiljø. Ein har under hele planarbeidet vektlagt å unngå og røyre ved kjente og freda kulturminne og kulturmiljø. Nokre av byggeområda kom likevel i konflikt med kulturminne.

Eit av dei utgreidde områda BN05 – utbyggingsområde for næring i Nystugu – kjem i stor konflikt med kulturminnevern. Det er i dette området registrert 12 kolgroper som ligg heilt eller dels innanfor utbyggingsområdet (kontrollregistrert av arkeolog i 2018). Desse med sikringssoner er freda i medhald av kulturminnelova, og er avmerkte som 5 bandlagte område på plankartet. Det er viktig å bevare kulturminneverdiane i området, og saksbehandlar har derfor rådd til at området BN05 ikkje blir med blant dei område som blir vurderte vidare for utbygging.

Byggeområde for skredvoll (BAS02) som er lagt inn i planen oppfor det planlagde bustadområdet i Hulderhaugen vil kome i berøring med automatisk freda kulturminne i form av kolgroper. Den eine kolgropa vil bli bygd ned (H730_54) slik skredvollen er plassert på kartet. Den andre (H730_53) ligg litt unna, og vert ikkje råka. Om skredvollen skal bli plassert der den er teikna inn på plankartet, må kommunen søkje kulturminnemyndigheit om å få frigjeve kulturminnet. Det vil i fall truleg medføre kostnadar og arbeid med nærare undersøking og utgraving av kulturminnet før utbygging. Det er registrert mange kolgroper i kommunen og nabokommunane, slik at tapet av gropa truleg kan bli akseptert. Alternativ må ein endre plasseringa av vollen slik at den kjem utanom kulturminnet.

Byggeområde for flaumvoll (BAS01) som er lagt inn i planen ved Bismo vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne i form av ei fangstgrop (H730_1033). Kulturminnet er vist i reguleringsplanen for Blåbærmyre. Status på dette kulturminnet er usikker, da det ligger tett på vegen nedst i bustadområdet.

Inne i næringsområdet Lund BN01 som er vidareført frå kommuneplanen frå 2011, ligg det ei kolgrop frå middelalder som kanskje også brukt som fangstgrop (H730_71). Arealet kring den automatisk freda kolgropa/fangstgropa med sikringsone haldast i planforslaget utafor utbyggingsarealet, slik som i kommuneplanen frå 2011.

Dei planlagde område for næringsutbygging BN06 og BN07 inntil det regulerte næringsområdet på Tundramoen, og massetaket som er planlagd ved utlaupet av Tundri i Ostre (BRU05), ligg inntil eit stort fangstanlegg for elg som har sperra heile dalføret. Utviding av næringsområda er lagt slik at dei ikkje vil råke kulturminna. Masseuttaksområdet (BRU05) ligg i elvefaret, og vil ikkje ha innverknad på kulturminna, og massedeponi (BRU07) er lagt i god avstand frå kulturminna. Det er krav om utarbeiding av

reguleringsplan, og veg for massetransport mellom uttaket og deponiet må planleggjast slik at den ikkje kjem i konflikt med kulturminna.

I andre byggeområde som er foreslege, kan det i dei områda der det tidlegare ikkje er utført synfaringar og kartleggingar av arkeolog, vere behov for å foreta en grundigare registreringar med omsyn til eventuelle kulturminne. Det vert i fall stilt vilkår om at slikt registreringsarbeid skjer i forbindelse med detaljregulering av det enkelte område.

Samla vurdering frå kommunen når det gjeld planforslaget og verknadar for kulturminne og kulturmiljø, er at påverknaden er relativt liten og at byggetiltaka som kjem i konflikt med desse førebels kan ligge slik dei gjer i planen. Ved detaljplanlegging og prosjektering av tiltaka, vil ei med større sikkerheit kunne slå fast om det er ein reell konflikt med kulturminneverdiar. Ut frå det kan ein i samråd med vernemyndigheit ta stilling til om tiltaket må få endra plassering eller om kulturminnet eventuelt kan frigjevast for utbygging.

4.6 Forureining, energi og klima.

Vurderingar av verknadar kommuneplanen har for klima og energi er komplisert og samansett. I eit klimarekneskap vil alle formar for nedbygging av «grøne» areal, kome negativt ut ved redusert plantevekst og redusert CO₂-opptak. Og ved at all utbygging generer auka transport og auka utslepp frå oppvarming og produksjonsproisessar, til at CO₂-utsleppet også aukar. Frå kommunens side har en gjennom kommuneplanens arealdel og etterfølgjande reguleringsarbeid, ei viss styring med tre faktorar som i vesentleg grad påverkar det samla klimareknskapet: nedbygging av «grøne» areal, transport og energiutnytting - alle faktorar som i vesentleg grad verkar inn på CO₂-regnskapet.

Nedbygging av «grøne» areal kan styres gjennom fortetting i eksisterande utbyggingsområde, og gjennom krav om høy arealutnytting på nye utbyggingsareal. På same måte vil val av plassering av nye byggeområde vere med på å påverke transportbehovet. For begge dei to byggeområda for bustadar som ligg inne i planforslaget (BB01 og BB02) er det krav om høg utnyttingsgrad, og begge områda ligg dessutan ganske sentralt plassert på Bismo, med gang- og sykkelavstand til skule, kulturtilbod, butikkar og servicefunksjonar.

Dei næringsområda som er føreslege i planen (BN01 - BN08), ligg alle i noko avstand frå sentrumsområdet i Bismo. Det er truleg at det vil vere behov for ein del transport mellom næringsområdet og kommunesenteret, og lokaliseringa av desse områda er da ikkje den beste med omsyn til energibruk, forureining og klima. Det har ikkje vore mogeleg å finne eigna areal for næringsområde som ligg nærare den største befolkningskonsentrasjonen i kommunen, slik at dette er noko ein nok må leva med.

I planen er det føreslege mange nye strekningar med gang- og sykkelveg langs RV15 og langs fylkesvegar (til saman 12,9 km). Utbygging av gang- og sykkelveg vil gjere det mogeleg for fleire å gå og sykle til jobb og skule, og det vil vere gunstig med omsyn til energibruk, forureining og klima.

Når det gjelder betre energiutnytting, har kommunen et ansvar for å følgje opp at energikrava i byggtknisk forskrift (TEK) vert følgd opp, og også å leggje til rette for framføring av

vassbåre varme til byggeområde kor slik anlegg er tenelege. Bygging av varmesentral og tilrettelegging med vassboren varme kan vere aktuelt for utbygging av nytt bustadområde i Hulderhaugen, og bør avklarast i samband med detaljplanlegginga.

Hytteområda i Skjåk ligg for ein stor del langs RV15, slik at det kan liggje til rette for busstransport til hytta. Det er derimot få bussavgangar. Forsking på transport, syner at det generelt er svært vanskeleg å kunne gi eit kollektivtilbod som er godt nok for å redusere biltrafikk til fritidsbustadane.

4.7 Nærmiljø, friluftsliv og barn og unge.

Dei nye bygge- og anleggstiltaka som ligg i kommuneplanforslaget, er vurderte til å ikkje ha vesentlege skadeverknadar for friluftslivsinteresser eller barn og unges interesser.

Næringsutbygging i område BN03 og BN04 oppfor Dønfoss camping/Øyberget kraftstasjon, vil kunne kome i konflikt med 3D-banen for bågaskyting som er etablert i området.

Realisering av utbyggingsplanane vil måtte medføre at anlegget må flyttast.

Kommunen/utbygger bør vere behjelpeleg med å finne eigna erstatningsareal og dekkje utgiftene med dette. Det er enkle anlegg, og truleg ikkje særleg store kostnader knytt til å flytte desse, men anlegget må også ha tilgang på parkeringsplassar.

Gang- og sykkelveggar har stor verdi for trygg ferdsel, især for barn- og unge, og vil vere positivt for nærmiljø. Om fleire går og sykklar, vil det vere gunstig for nærmiljø, støyforhold og folkehelse.

4.8 Teknisk infrastruktur.

Det er ikkje utbygd infrastruktur i område der det er føreslege nye utbyggingsområde for fritidsbustadar i Måsåbakkan (BF01 og BF02). Veg, vassverk og avløpsnett med reinseanlegg må byggjast ut, og det bør utarbeidast ein overordna VA-plan for Nysæterområdet. Det vil innebere store grunnlagsinvesteringar.

I nærliggande område til det føreslege område for nye utbygging av fritidsbustadar på Grotli (BF03), er det VA-nett, men eksisterande reinseanlegg har avgrensa kapasitet. Ein føreset at avlaupsvatn frå den nye utbygginga blir teke hand om for å unngå forureining. Utbygginga vil derfor innebere større investeringar når det gjeld VA.

Det er ikkje ført fram VA-leidningsnett til områda BN01 (Lund), BN02 (aust for Lundahaugan), BN05 (Nystugu) og BN06/BN07 på Tundramoen som er føreslege utbygd som næringsområder. Det er forholdsvis lange avstandar for tilknytning til offentleg VA, slik at det vil krevje store kostnader. For desse områda er det også påkravd med forholdsvis store investeringar til bygging/opprusting av tilkomstvegar. For næringsområde BN03 og BN04 oppfor Dønfoss camping/Øyberget kraftstasjon går hovudvassleidninga frå grunnvassbrønner i området oppfor gjennom utbyggingsområdet, medan offentleg avlaup er ført opp til kraftstasjonen som ligg i nedkant av området. Her kan tilkomsten følgje allereie opparbeidd veg opp gjennom området, som her krev noko enklare opprusting.

4.9 Samfunnstryggleik.

Byggeområde for bustadar ved det gamle reinseanlegget på Blåbærmyre (BB01) er flaumutsett. Området må flaumsikrast før det kan byggast ut, jf. ROS-analyse for området.

Byggeområde for bustadar i Hulderhaugen (BB02) er utsett for skred og overvatn. Området må sikrast mot skred ved bygging av skredvoll før det kan byggast ut, jf. ROS-analyse for området.

Delar av dei nye byggeområda for fritidsbustadar i Måsåbakkkan (BF01 og BF02) ligg utsett til for flaum og erosjon frå bekkar i områda. Det er også fare for at ei utbygging i områda kan medføre auka fare for flaumskadar mot område nedfor og mot RV15. Ved utbygging i området må ein ta høgde for flaumfaren og ikkje bygge i fareområder. Ein må planlegge og prosjekterer anlegg for å ta hand om vatnet, slik at det ikkje blir skadar, jf. ROS-analyse for områda.

Delar av det nye byggeområdet for fritidsbustadar på Grotli (BF03) ligg utsett til for flaum og erosjon frå bekkar i området. Det er også fare for at ei utbygging i området kan medføre auka fare for flaumskadar mot hytteområde nedfor, mot lokalveg og mot RV15. Ved utbygging i området må ein ta høgde for flaumfaren og ikkje bygge i fareområder. Ein må planlegge og prosjekterer anlegg for å ta hand om vatnet, slik at det ikkje blir skadar, jf. ROS-analyse for området.

Byggeområde for næringsbyggnad Lund (BN01) er utsett for flaum og erosjon frå vassveg/bekkar gjennom området. Aktsemdskart frå NVE visar også at delar av området kan vere utsett for snøskred. Ved utbygging i området må ein ta høgde for flaumfaren og ikkje bygge i fareområder. Ein må planlegge og prosjekterer anlegg for å ta hand om vatnet, slik at det ikkje blir skadar, jf. ROS-analyse for området. Når det gjeld skredfaren, må ein i første rekkje avklare om denne er reell, og avklare behov for tiltak mot skred når ei utgreiing av skredfaren er på plass. Alternativ plassere all utbygging utafør den delen av område som er skredutsett.

For byggeområde for næringsbyggnad BN03 og BN04 oppfor Dønfoss camping/Øyberget, viser aktsemdskart frå NVE (Skrednett) at området er utsett for flaum- og jordskred, og ligg i utlaupsområde for snøskred. Dette er nærare omtala i KU for området og ROS-analysen. Området må kartleggast meir grundig av fagfolk m.o.t. skredfaren. Dersom faresonekartlegging viser at det er reell skredfare, må ein vurdere om sikringstiltak kan gjere at ein likevel kan bygge ut området (jf. TEK).

4.10 Trafikktryggleik.

Av stor betyding for trafikktryggleiken i kommunen er utbygging av gang- og sykkelveg. I planforslaget ligg det inne forslag om bygging av til saman 12,9 km gang og sykkelveg langs RV15 og langs fylkesveg. Av betyding for trafikktryggleiken, er også kommunen si satsing på å etablere ein samanhengande sykkelveg mellom Uppnosi til Grotli som går utanom RV15.

Mot område for utbygging av bustadar/fritidsbustadar BBF01 – Skjåkmorkje – er det ikkje gang- og sykkelveg langs Lundavegen. Forslaget til kommuneplan omfattar forlenging av gang- og sykkelvegen på ei strekning på 0,2 km frå Skamsarbrua til den etablerte bustadbygnaden langs Lundavegen (GSV8). Vidare forlenging av GSV fram mot avkøyring mot BBF01 frå fylkesvegen, vil krevje bygging av ytterlegare 0,5 km med gang- og sykkelveg. Da det er usikkert kor omfattande ei utbygging av BBF01 vil bli, er det ikkje prioritert slik ytterlegare forlenging av GSV på strekninga i planforslaget.

Etablering av byggeområde for næringsbygnad Lund (BN01), aust for Lundahaugan (BN02) og sør for Lundahaugan (BN08), vil m.a. medføre auka trafikk langs RV15 og langs FV2648 (Lundavegen). Det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er liten busetnad, og det er lite realistisk at utbygging av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen vil bli prioritert. For RV15 er det på strekninga mellom kommunesenteret og næringsområda, gang- og sykkelveg (GSV) langs RV 15 til Vollungsbrua, men ikkje GSV over riksvegbrua og strekninga fram til FV2678. I planfen er det lagt inn forslag om utbygging av gang- og sykkelveg på denne strekninga. Auka trafikk medfører auka risiko for trafikkulykker, jf. ROS-analyse for dette temaet for desse områda.

Etablering av byggeområde for næringsbygnad ved Nystugu (BN05), vil medføre auka trafikk langs RV15 og trafikk i den etablerte avkjørsla ved skytebanen. Det er ikkje gang- og sykkelveg (GSV) langs RV15 på denne strekninga. Det er heller ikkje planar om GSV på den om lag 1,6 km lange strekninga her, da kommunen prioriterer bygging av gang- og sykkelveg langs FV2650 - Nordberg Solside - på motsett side av elva, der det er meir bustadbygnad. Auka trafikk medfører auka risiko for trafikkulykker, og utbygginga kan også medføre auka trafikk av syklane og gåande mot det nye næringsområdet.

Etablering av dei planlagde område for næringsutbygging BN06 og BN07 inntil det regulerte næringsområdet på Tundramoen, vil medføre auka trafikk langs RV15 og langs FV2652 (Bråtåvegen) og langs den kommunale Tundramovegen. Det er gang- og sykkelveg (GSV) i i kryssområdet mot RV15 ved Bruvoll, men ikkje GSV langs FV2652 (Bråtåvegen) eller Tundramovegen. Det er lite trafikk langs desse vegane og ungane har skuleskyss, slik at det er ikkje realistisk at gang- og sykkelveg blir bygd langs FV2652 eller langs Tundramovegen.

Uttak av masse i Ottaelva ved gamle Vollungsbrui (BRU03) og ved Storøya (BRU04) vil medføre lastebiltrafikk og trafikk av anleggsmaskiner langs fylkesvegen. Trafikken vil i liten grad gå nær busetnad. Anleggstrafikk vil strekke seg over ei stutt periode, slik at verknadene for trafikktryggleiken på lang sikt reknast som liten, jf. ROS-analyse for dette temaet for områda.

Steinuttak i Heggerusti (BRU08) vil medføre lastebiltrafikk og trafikk av anleggsmaskinar langs lokalveg. Trafikken til og frå steinbrotet vil i liten grad gå nær busetnad, slik at risikoen for ulykker i liten grad aukar, jf. ROS-analyse for dette temaet for området.